



HARDANGER  
MUSIKKFEST

# Grøde

31. AUGUST – 3. SEPTEMBER 2023

**Programbok**

## PROGRAM

### Torsdag 31. august

- 08:20 Jakta på lyden, Kinsarvik skule | 16
- 10:00 Songen og forteljingane, Opedal skule | 18
- 13:25 GRØDE på Odda vidaregåande skule | 19
- 16:00 Føreleik og vernissage, Opedalstunet, Lofthus | 20
- 18:00 Opningskonsert, Ullensvang kyrkje, Lofthus | 22
- 20:00 Klassisk kveik, Krossvoll, Lofthus | 25

### Fredag 1. september

- 08:00 Morgontonar, Gløyp, Kinsarvik | 28
- 09:30 Kouame møter borna, Veisane barnehage, Lofthus | 29
- 11:15 Musikalsk brunsj, Fløy Bakeri, Lofthus | 30
- 13:15 Fra før til no, Ullensvang kyrkje, Lofthus | 32
- 14:30 Politisk kveik, Lofthus Ekspedisjon, Lofthus | 35
- 16:00 Vemodig disco, Krossvoll, Lofthus | 37
- 18:00 Musikalsk Grøde, Hotel Ullensvang, Lofthus | 38
- 21:00 Festivalkviss, Lofthus Ekspedisjon, Lofthus | 42

### Laurdag 2. september


- 11:00 Kjærleikens grøde, Skrivargarden, Lofthus | 43
- 12:00 Musikalsk halvtime, Bråvolltunet, Kinsarvik | 46
- 12:00 Kammermusikk i Agatunet, Aga | 47
- 13:00 Borealis Ung Komponist, Krossvoll, Lofthus | 50
- 15:00 Unamna, Ullensvang kyrkje, Lofthus | 53
- 17:15 Sidersmaking med musikalsk fylgje, Lofthus Sideri | 55
- 19:00 Overraskingskonsert, Hotel Ullensvang, Lofthus | 56
- 22:00 Festkveld med Carstensen og Kvernberg, Krossv., Lofth. | 60


# Sundag 3. september

- 11:00 Improvisert barneteater, Krossvoll, Lofthus | 62  
12:00 Griegvitjing, Ullensvang kyrkje, Lofthus | 64  
15:00 Avslutningskonsert, Kraftkatedralen, Tyssedal | 68
- 


- Kart | 4  
Artistar | 72  
Mat og drikke | 86  
Transport | 90  
Frendar | 92  
Partnarar | 94  
Organisasjon | 95  
Samhald 2024 | 96  
Billettinfo | 98

# Lofthus

 *Gløyp,  
Kinsarvik, 9 km.*



 *Båt Lofthus-Aga  
15 minutter.*

 *Kraftkatedralen,  
Tyssedal, 28 km.*

HOTEL ULLENSVANG

SKRIVARGARDEN

LOFTHUS EKSPEDISJON

FLØY BAKERI

KROSSVOLL

ALVAVOLL

ULLENSVANG  
GJESTEHEIM

ULLENSVANG  
KYRKJE

LOFTHUS SIDERI

OPEDALSTUNET



HARDANGER  
MUSIKKFEST



# Velkommen til festival!

**For aller første gang: Velkommen til Hardanger Musikkfest i august / september! Den 28. utgaven er den første i sensommerprakt, og uke 35 er nytt fast tidspunkt. Hva passer vel da bedre enn å feire selve kjernevirksomheten i Hardanger og Ullensvang; Årets tema er GRØDE. Dette er tiden der sensommer og høst møtes, og Hardanger er midt i innhøsting og foredling av frukt og bær. Festivalens base er på Lofthus – Norges fruktbygd nummer 1, og her kan publikum vandre fra konsert til konsert, gjennom bugnende frukthager og speile seg i eplenes prakt. Lokal tradisjon og kompetanse skaper en unik atmosfære som inspirerer og fascinerer.**

Fruktbonden i Hardanger er et eget begrep. Det blir sagt at det finnes over 1 million frukttrær langs fjorden her. Like vakkert som blomstringen i mai er det utover sensommeren når trærne strutter av frukt, og ritualene rundt innhøsting, pressing, safting og foredling viser håndverkstradisjoner ikke mange steder kan skilte med. Navnet Ullensvang kommer fra Ullin, den norrøne guden for vekst og grøde. Under festivalen får både utøvere og publikum oppleve innhøsting på nært hold, i et samfunn som er bygget rundt grøden og naturens eget årshjul. Hardanger Musikkfest 2023 skal høste fruktene av både lokale tradisjoner og de retningene musikere og komponister gjennom alle tider har videreutviklet og foredlet.

Grøden er blomstringens mål og blomstringens svar. Blomstring er vakkert og symboliserer alt som er i vente. Men grøden – det er selve produktet. Grøde er naturens gjengjeldelse etter en lang sesong med dyrking og tålmodig pleie av jord og trær, og blir i mange kulturer feiret med høsttakkefester og musikalske hyllester. Begrepet grøde lar seg også godt oversette til musikalsk retorikk der tradisjoner og stilarter blir frø som spirer videre, blir høstet og forvaltet av nye





FOTO: ELISABETH EMMERHOFF

tendenser, tider og tolkinger. Musikkfesten plantes nå i ny jord, i rammer som aktualiserer lokal forankring og en kunstnerisk profil med blikket framover.

2023 er et jubileumsår for mange komponister, og jeg ønsker å trekke en tidslinje fra 250 år tilbake og fram til idag. Parallelt følger vi den lokale historien om dyrking av frukt i Hardanger. Bøndene begynte å presse epler til saft på 1700-talet, og her starter også den musikalske tidslinjen for årets festival.

I 1773 ble Jens Christian Djuurhus født; den første poeten som skrev på Færøisk. Han fornyet den gamle folkelige kjempevisediktingen, og er kjent for sine færøyske ballader, satiriske dikt og kvad. Samme år så Joseph Woelfl dagens lys i Østerrike. Han var en høyt aktet pianist og komponist, og en venn av Beethoven. 50 år senere ble den norske komponisten Thomas Tellefsen født. Tellefsen, som studerte hos Frederic Chopin, har etterlatt seg en rekke praktfulle kammermusikkverk. 150-årsmarkeringen blir dedikert Sergei Rachmaninoff



og hans virtuose og romantiske tonespråk. Gyorgi Ligeti ville fylt 100 år i 2023, og har vært en referansekompontist for nærmest alt som er skrevet i det 20. århundre. Som 50-årsjubilanter feirer vi et utvalg av våre nålevende komponister. Jeg håper programmet vil vise frem noe av det frodige mangfoldet som finnes i musikkhistoriens hager.

La oss feire musikkens yr og markens grøde. Velkommen til Hardanger – og nærare musikken.

### **Therese Birkelund Ulvo**

*kunstnerisk leder*



FOTO: ELISABETH EMMERHOFF

# Kjære publikum og festivalgjengere. Velkommen til musikkfest på nytt fast tidspunkt – innhaustinga.

I året vi har bak oss fra sist festival har det vært arbeidet intenst først og fremst med programmet. Under tittelen «Grøde» har vår eminente kunstneriske leder Therese Birkelund Ulvo og hennes administrative makker Anna Gursli Langesæter tryllet fram et program vi bare kan glede oss til å nyte. Ja, vi skal nyte «Grøden» av godt kunstnerisk håndverk, stor kunstnerisk bredde og ikke minst en kvalitet det skal snakkes om i lange tider utenfor vakre Hardanger.

Fjorårets festival var mitt første møte med Hardanger Musikkfest – selvfølgelig mange år på overtid. Men, det jeg opplevde da jeg endelig kom inn her og fikk møte kunsten og kraften i det kunstneriske bidrag og mangfold var skjellsettende. Jeg fikk oppleve «Grøden» i sin egentlige forstand. Jeg opplevde å komme nærmere musikken, at musikken vokste på meg og i meg – at jeg oppdaget musikken på nytt! For meg er det dette som er «Grøde» i festivalens forstand.

Mitt inderlige ønske er at dere som kommer her gang på gang, eller dere som er her for første gang, skal oppleve at nettopp denne festivalen gjør en forskjell for deg og gjør noe med deg!

I styret har vi arbeidet med å stake ut kursen framover. I dette arbeidet tillot vi oss å gjennomgå visjonen for festivalen på nytt. Vi har endt opp med å konkludere med at vår visjon skal være «Nærare musikken. Forandring gjennom oppleving av kunst». «Grøde» som tema er vel selve manifestasjonen av forandring – utviklingen fra vi sår til vi høster.

Vi vil at dere som publikum skal måle oss på om vi når festivalens formål: «Presentere kunst i unike omgivelser som skaper nye og gode møter mellom kunst, utøvere og publikum. Festivalen skal være populær, lokal og imøtekommende samtidig som den er nyskapende, utadrettet og kompromissløs». Dette er ambisiøst og skal være akkurat det. Vår festival skal fortsette å være unik, vi skal være annerledes enn alle andre festivaler. Det du opplever her, skal du bare kunne finne i Hardanger Musikkfest!

For at dere og vi skal lykkes med å skape denne unike festivalen og bidra til at den får et langt liv, fordrer det at vi alle slår et slag for den. Rekrutterer publikum fra fjern og nær, bidrar som frivillige, og sist, men ikke minst, bidrar til å promotere festivalen på alle arenaer dere opererer – både analoge og digitale.

La musikken gro i deg!

På vegne av styret i Hardanger Musikkfest ønsker jeg dere en riktig god fornøyelse!

Ole Hope  
*Styreleder*



# Grøde

Når du får dette programmet i handa, er det slutten av august. I Hardanger står raster med frukttre tunge av eple, pærer, plommer og morellar. Snart skal røynde hender plukka dei tidlegaste eplesortane, og gjennom veker og månadar skal millionar verta til saft og sider. Nokre av familiane langs Sørfjorden har hatt denne haustinga som eit årvisst arbeid i fleire hundre år. Fruktbløminga i Hardanger er sjølsagt løfterik og vakker, men det er mogen frukt som gardane her er bygde for, og som historia er laga av.

Våren er ein vakker flørt, men det er hausten du skal gifta deg med. Hardanger musikkfest har gjennom fleire år hatt auge festa på hausten. Etter 25 år med blomar i håret, vart festivalen både i 2020 og 2021 utsett frå våren til hausten - på grunn av pandemien. I 2022 gjennomførde festivalleiinga ein tredje festival i november - vellukka, men dunkel. Regnet dreiv i vinden og mørkret senka seg over kveldskonsertane. Men vi såg og høyrde det alle saman: Internasjonale artistar og tilreisande publikum vart bergtekne av landskapet på ein annan måte. Og musikken fekk liksom eit større rom når han hadde våren og sommaren bak seg.

Tema for festivalen i år er grøde. Grøda speglar seg i mange musikalske emne, men er òg eit uttrykk for at festivalen frå no av vil vera ei årleg hending tidleg på hausten. Dette vippepunktet mellom to årstider er ei god tid for fellesskap og musikkopplevingar, med rom for både fest og melankoli.

Grøde er eit rikt omgrep, lada med historie, kunnskap og lokale forteljingar. I førkristen tid var guden Ullr nettopp ein gud for grøde, og namnet Ullensvang ber dei heidenske rituala i seg. Språkforskarar opnar for at dei tidlege bøndene på gardane her kan ha køyrd gudebilete av Ullr på vogner over nysådde åkrar. Kanskje hadde desse religiøse seremoniane kvinnelege overhovud frå dei største gardane.



Mennesket sitt forhold til jorda har alltid vore lada med kjønn og seksualitet, og den gode grøda langs Sør fjorden har djupe historiske røter som ikkje lenger let seg finna att.

Sjølve ordet «grøde» har òg ein djup botn. Det seier noko om kvaliteten på jordsmonnet og kva naturen evner å gje oss, om det er god grøde, men viser òg til sjølve avlinga – Markens grøde. I tillegg rører grøde ved samspelet mellom menneske og tid, om å kunne venta til rett månad, rett veke, kan hende rett dag, og sankta det du har jobba for heile året – og som du skal leva av det neste.

Nærleiken til denne opplevinga set oss i kontakt med ei tradisjonell sirkulær forståing av tid som var meir sjølvsagd for eit hundreår eller to sidan. Året er tida som gjentek seg, det rullar jamnt og sakte som eit vognhjul over bakkane. Du gjer dei same tinga oppatt, møter igjen det same vêret som i fjor, smakar dei same epla og ser opp på dei same fjella som dei som har budd her før. I denne delen av landet er det fleire gardar som har vore i same familie i mange slektsledd. Barnet ser sine eigne initial på ein laftestokk frå 1600-talet i den gamle løa. Ein sølvpokal frå eit gammalt kongebesøk kan framleis fyllast med sider frå same gard og verte tømt av same slekta. Og det smakar friskare enn nokon gong før.

Mange musikarar i det klassiske feltet har det litt på same måten. Både instrument (særleg strykeinstrument) og verk kan vera fleire hundre år gamle. Dei beste konsertlokala - som fantastiske Ullensvang kyrkje – er ofte endå eldre. Og likevel er musikken berre no. Han er ny og frisk. Det er ein ny haust. Ny festival. Ny grøde. Ingen anna kunstform vert levande akkurat slik. Ein utgamal ballade frå Færøyane kan få nytt liv i ei moderne norsk vokalgruppe, og songarane kjenner sjølve at det er eit mysterium. Musikken skifter plass og hender, vandrar mellom land og tek stadig nye retningar. Han veks alltid ut av noko anna.

Ein pianist ser notene til eit heilt nyskreve musikkstykkje som spredte såkorn langs fem svarte plogfurer. Kan hende sit komponisten sjølv i salen og lurar på om grøda har vore god nok.

Kven kan finne på å ha festival om våren?

Programmet og artistane har det vore jobba med lenge. Også denne teksten vart skriva i vår. No er det endeleg ei årstid som har kvitta seg med blomane og let mogen frukt lausne frå kvisten.

God festival!

Sigurd Sverdrup Sandmo



FOTO: NIKLAS HART



# Jakta på lyden

KINSARVIK SKULE | TORSDAG 31. AUGUST KL. 08:20

## Medverkande

Håkon Skjæret, perkusjon

Owen Weaver, perkusjon

## Om arrangementet

Kva er egentleg musikk? Workshop for ungdomsskulen med perkusjonistane Owen Weaver og Håkon Skjæret frå BIT20 Ensemble.

BIT20 Ensemble er ei samtidsmusikkgruppe som vart stifta i 1989. Ensemblet spesialiserer seg på nyskrive musikk for sinfoniettabesetning, og har sidan oppstarten hatt eit sterkt fokus på å skapa kunstprosjekt med born og unge. Gjennom sine



FOTO: JOHANNE KARLSRUD



deltakarprosjekt er BIT20 Ensemble sitt mål å tilretteleggja for samspel og samskaping, der kreativ nyfikenkap ligg til grunn for jakta på det ukjende. I 2015 byrja utviklinga av ensemblet sin eigen komposisjonsapp, BITWaves, der det på ein enkel måte vert tilrettelagt for eiga musikkskaping.

Prosjektet vert leia av Håkon Skjæret og Owen Weaver, begge perkusjonistar og pedagogar i BIT20 Ensemble. Håkon kjem frå Hokksund og er utdanna ved Norges musikkhøgskole, medan Owen har si utdanning frå Hartt School of Music og flytta frå USA til Bergen i 2018. Dei siste åra har dei saman vore aktive i Den kulturelle skulesekken i Bergen kommune med BITWaves som prosjekt. Rundt 20 skuleklassar komponerer kvart år samtidsmusikk med Owen, Håkon og BitWaves.

Noko av resultatet av denne workshopen kan opplevast på konserten Musikalsk Grøde i Hardangerhallen fredag 1. september kl 18.00.

PS: BITWaves er gratis på både Android og iOS, og kan lastast ned og nyttast av kven som helst!

# Songen og forteljingane

OPEDAL SKULE | TORSDAG 31. AUGUST KL. 10:00

## Medverkande

Unni Løvlid, vokal

## Om arrangementet

Folkesongar Unni Løvlid besøker småskuletrinna på Opedal Skule.

Unni Løvlid er av Noreg sine fremste folkesongarar. Ho vaks opp i Hornindal i Sogn og Fjordane og interessa for folkesong fekk ho frå si mor, Oline Ragnhild Løvlid, som har samla inn mykje tradisjonsmusikk i Nordfjord. Unni Løvlid er ein allsidig musikar med stor erfaring frå vidt forskjellige prosjekt innan norsk folkemusikk, samtidsmusikk og elektronika.

Konserten «Songen og forteljingane» vil gje elevane innsyn i vår vestlandske kulturarv. Unni Løvlid har gjennomført mange konsertar rundt omkring i landet med og for born i ulike aldrar og nyttar humor og allsong flittig. Dette vert ein konsert der elevane vert invitert med på ei eventyrleg reise i songer, rim, regler og forteljingar som får fantasien til å spinna.



# GRØDE på Odda vidaregåande skule

ODDA VIDAREGÅANDE SKULE | TORSDAG 31. AUGUST KL. 13:25

## Medverkande

Kouame Sereba, djembe/dodo/kalimba/vokal

Hanna Kallestad, fiolin

Ingfrid Breie Nyhus, klaver

Therese Birkelund Ulvo, konferansier

## Om konserten

Kammermusikalsk vitjing med variert program.

Kouame Sereba har vakse opp i Elfenbenskysten i Vest-Afrika. Han syng og trakterar fleire instrument som djembe (afrikansk tromme), dodo (munnboge), og kalimba (tommelpiano). I tillegg til soloprojekt, samarbeider han med musikarar i mange ulike sjangrar som folkemusikk, samtidsmusikk, klassisk og jazz, samt moderne afrikansk musikk.

Hanna Kallestad er konsertmeister i BFUng og vart Hardanger Musikkfest sitt Stjerneskot i 2022. Ho byrja å spela fiolin på Bergen kulturskule då ho var seks år gamal og i dag studerar ho på Norges musikkhøgskole. Hanna Kallestad har utmerka seg som ein uvanleg kreativ musikar og er aktiv med eigne prosjekt, spelar, komponerar, organiserar og leier – alt om kvarandre.

Ingfrid Breie Nyhus spelar folkemusikk, klassisk og samtidsmusikk på klaver. Kritikarane skildra henne tidleg som «ein klangvirtuos», med «saftig anslag og rike nyansar», blant den nye generasjonen pianistar «som verkeleg har noko på hjarta». Med sitt prosjekt *Slåttepiano* har ho skapt si eiga form for folkemusikalsk pianomusikk.

# Føreleik og vernissage

OPEDALSTUNET | TORSDAG 31. AUGUST KL. 16:00 | PRIS KR. 170

*Eit glas sider frå Hardanger inkludert i billetten.*

## Medverkande

Elisabeth Emmerhoff, festivalkunstnar

Sigurd Sverdrup Sandmo, kåsør

Små Grå, vokalgruppe

## Om arrangementet

Velkomen til Opedalstunet!

Vernissage for årets festivalkunstnar Elisabeth Emmerhoff. Utstillinga har fått tittelen *Fjorden*, og kan opplevast under Hardanger Musikkfest fredag til sundag frå kl. 11–18. Bileta vil henga i Opedalstunet til frukta er komen i hus (ca. ut oktober).

*«Fjorden. På jakt etter ein slags essens av Sørffjorden, var dette noko av det som kom tydeleg fram.»*

Sigurd Sverdrup Sandmo gjev saman med vokalgruppa Små Grå eit kræsjkurs i færøyske balladar og satiriske dikt. Jens Christian Djuurhus fornya den gamle folkelege kjempevisediktinga, og er kjend for sine balladar, satiriske dikt og kvad. Djuurhuus' balladar var historiske forteljingar og vart lært utanat av færøylværingane. Han komponerte fleire færøyske balladar om historiske tema. Den mest kjente er Ormurin langi. Djuurhuus skreiv også satiriske dikt retta mot dansk styre på Færøyane. Den norske oversettinga av Ormurin langi; Ormen den lange – var det Per Sivle som stod for, og orginalen finn me ikkje langt herifrå; på Voss folkemuseum.



FOTO: ANNE VALEUR

# Opningskonsert

ULLENSVANG KYRKJE | TORSDAG 31. AUG. KL. 18:00 | PRIS KR 300

## Medverkande

Anne Hytta, hardingfele

Christopher Park, klaver

Andreas Brantelid, cello

Harald Alvavoll, opningstale

## Program

· Anne Hytta: Frå «Gjennom Dagen»

*Anne Hytta*

· Joseph Woelfl: Sonatas, Op. 33 No. 3

*Christopher Park*

· Opningstale ved Harald Alvavoll

· Sergei Rachmaninov: Cellosonate i g-moll, Op. 19

- Lento – Allegro moderato

- Allegro scherzando

- Andante

- Allegro mosso

*Andreas Brantelid, Christopher Park*

## Om konserten

Høgtideleg opning med kammermusikalsk grøde.

Anne Hytta (1974–) spelar nylaga musikk for hardingfele frå prosjektet «Gjennom Dagen». Andreas Brantelid og Christopher Park byr på musikk av Joseph Woelfl og Sergei Rachmaninov. Opningstale ved fruktbonde Harald Alvavoll.

«Gjennom Dagen» er musikk til ein heilt vanleg uvanleg dag, skrive og framført av Anne Hytta.





*«Gjennom dagen kan me kjenna oss små og ubetydelege, store og viktige, eller helst ein stad imellom der. Skjøre som ospelauv, sterke som lønetreet i tunet. Og noko imellom. Gjennom dagen kan me strykja tonen ut or fela og høyra oss sjølve. Strykja lyden ut av strengane og strykja tankane gjennom tonane og kjenna flokane løysa seg opp og tankane vandra inn til den opne glenna. Der er me ei stund utan orda. Utan tida som går.»*

Joseph Johann Baptist Woelfl (1773–1812) var ein pianist og komponist frå Austerrike. Han vart fødd i Salzburg, der han var elev av Mozart sin far Leopold Mozart og Michael Haydn, den yngre broren til Joseph Haydn. I 1790 flytta han til Wien der hans fyrste opera vart sett opp i 1795. Her vart han, med anbefaling frå Mozart, introdusert for den polske greven Oginsky. Oginsky tok han til Warszawa, der han som pianovirtuos og komponist fekk eineståande suksess. Woelfl og Beethoven var gode vener. Dei kom begge til Wien omlag samtidig og naut merksemda frå dei same musikkelskarane. Publikum byrja etterkvart å dela seg i ulike leirar og fanklubbar samla seg rundt kvar sin musikar. Spørsmålet var: kven er best, Beethoven eller Woelfl? I ein artikkel i Allgemeine Musikalische Zeitung (april 1799) står det: «Meningane er delte når det gjeld

fordelane til dei to; likevel framstod det som at fleirtalet var på sistnemnde si side», (Wölffl).

Sergej Rachmaninov (1873–1943) sin cellosonate vart skriva til hans beste ven, den eminente russiske cellisten Anatoliy Brandukov, og viste seg å verta hans siste kammerverk. Rachmaninov meinte at cello og klaver har likestilte roller i dette verket og ynskte ikkje å kalla stykket ein cellosonate. Dei fleste av temaa vert introdusert i klaver før dei vert utbrodert og vidareutvikla av cello. På grunn av dette vert den ofte referert til som Sonaten i g-moll for cello og piano. Verket har fire satsar, og i likskap med hans legendariske klaverkonsertar er sonaten full av russisk romantikk. Rachmaninov var banebrytande med si utforsking av celloen sin evne til uttrykksfull ømheit og intensitet. Rachmaninov visste truleg ikkje at dette ville verta hans siste kammermusikkverk, men dedikerte resten av sine skrivande år til solo pianostykke, og større orkester- og korverk. Cellosonaten markerer både ei byrjing og ein slutt på ein fase av Rachmaninov si karriere – og eit vitnesbyrd om eit fint musikalsk venskap.



FOTO: MARIOS TARAMIDES

# Klassisk kveik

KROSSVOLL | TORSDAG 31. AUGUST KL. 20:00 | PRIS KR 350

*Servering av hakkasteik inkludert i billetten.*

## Medverkande

Kouame Sereba, djembe/dodo/kalimba/vokal

Ingfrid Breie Nyhus, klaver

Anne Hytta, fele

Unni Løvlid, vokal

Hanna Kallestad, fiolin

Håkon Skjæret, perkusjon

Owen Weaver, perkusjon

Små Grå, vokal

Christopher Park, klaver

Andreas Brantelid, cello

## Om arrangementet

Kunstnarisk leiar Therese Birkelund Ulvo inviterer artistane opp i sofaen for ein prat om livet, musikken og kjærleiken til det heile. Nyt den fyrste festivalkvelden med lokalmat, drikke, prat og musikk i ein intim og underhaldande atmosfære.

Kveik er kort fortalt ein heilt spesiell gjærtype som gjev fart og det vetle ekstra til ølbrygginga. Tradisjonen har vore overlevert frå generasjon til generasjon i Hardanger, og ein kan trygt seia at «noke er i emning» når kveiken vert tilsett. Me kveiker opp festivalstemninga på Krossvoll, gjennom å presentera våre festival-artistar. Det vert smakebitar frå komande konsertar, samtalar med artistane og mat på bordet. Den musikalske menyen byr på smaksprøvar – godt eigna for å skaffa seg ein oversikt over alt som skal skje gjennom festival-dagane. Krossvoll er Lofthus si eiga bygdestove med lun stemning og tradisjon i veggane.

Lofthus Ekspedisjon held open bar.





# Morgontonar

GLØYP, KINSARVIK | FREDAG 1. SEPTEMBER KL. 08:00 | PRIS KR 250

*Servering av frukost inkludert i billetten.*

## Medverkande

Hanna Kallestad, fiolin

Unni Løvlid, vokal

## Om konserten

Musikalsk påfyll med fiolinist Hanna Kallestad og folkesongar Unni Løvlid. Frukost vert servert av Steinar Rinaldo og Gløyp. Musikk frå det klassiske repertoaret, folkemusikk, eigne komposisjonar, solo og samspel står på menyen. Velkomne til ein god start på dagen i eit nytt musikalsk møte saman med to opne, leikne musikarar.



FOTO: KNUT UTLER

# Kouame møter borna

VEISANE BARNEHAGE | FREDAG 1. SEPTEMBER KL. 09:30

## Medverkande

Kouame Sereba, djembe/dodo/kalimba/vokal

## Om konserten

Kouame Sereba besøker barnehageborn i Ullensvang. Borna får eit glimt inn i Kouame Sereba sitt store leikeunivers, samtidig som dei får oppleva musikaliteten og rytmikken direkte på kroppen. Saman skal dei leika rytmane fram, med stemmebruk og ved å klappa og dansa.

Kouame Sereba har vakse opp i Elfenbenskysten i Vest-Afrika. Han syng og trakterer fleire instrument som djembe (afrikansk tromme), dodo (munnboge), og kalimba (tommelpiano). Kouame Sereba er ein av Noreg sine fremre artistar for born og unge, og har spelt tusenvis av konsertar for born i skule- og barnehagealder. Han er ein formidlar av rang og i møte med born har han ei sjeldan evne til å engasjera.





# Musikalsk brunsj

FLØY BAKERI | FREDAG 1. SEPTEMBER KL. 11:15 | PRIS KR 250

*Lett servering inkludert i billetten.*

## Transport:

Norledbåt frå Norheimsund/Herand/Utne, ankomst Lofthus kl. 10:15

Aurora of the Fjords frå Eidfjord/Ulvik, ankomst Lofthus kl. 11:15

## Medverkande

Anne Hytta, hardingfele

Andreas Brantelid, cello

## Om konserten

Kom tett på folkemusikar Anne Hytta og cellist Andreas Brantelid når dei serverer formiddagens tonar inne på Fløy Bakeri.

Anne Hytta er ein prislønna hardingfelespelar og komponist som arbeider både med det tradisjonelle folkemusikkrepertoaret og med nyskriven musikk. Dei smidige linjeføringane i vår gamle tradisjonsmusikk er hennar utgangspunkt i alt musikalsk arbeid. Ho er involvert i ei rekkje ulike prosjekt, frå middelalder- til improvisasjonsmusikk, frå solo til større ensemble.

Andreas Brantelid er ein av dei mest etterspurde klassiske utøvarane i Skandinavia. Han får rosande omtalar over heile verda for dei tankevekkjande tolkingane sine, den unike klangfargen og den engasjerande personlegdomen. Andreas Brantelid spelar på ein «Boni-Hegar»-Stradivarius frå 1707, som er stilt til disposisjon for han med stønad frå den norske kunstsamlaren Christen Sveaas.

FOTO: ELISABETH EMMERHOFF



FOTO: IDA WANG



FOTO: ELISABETH EMMERHOFF



# Frå før til no, ei musikalsk oppdagingsferd

ULLENSVANG KYRKJE | FREDAG 1. SEPTEMBER KL 13:15 | KR 250

## Medverkande

Christopher Park, klaver

Sigurd Sverdrup Sandmo, kåsør

## Program

- Johann Sebastian Bach: Italian Concerto F-major BWV 971
  - Allegro
- Joseph Haydn: Sonata C-major Hob XVI:50
  - Allegro
- Frédéric Chopin: Barcarolle op. 60
- Sergei Rachmaninoff: Etudes tableaux op. 39
  - Allegro agitato
  - Lento assai
- Maurice Ravel: Valses nobles et sentimentales
- Béla Bartók: Romanian Folkdances
- Olga Neuwirths: Trurl Tichy Tinkle

*Christopher Park*

## Om konserten

Bøndene i Hardanger byrja å pressa eple til saft på 1700-talet, og her startar vår musikalske tidslinje. Pianist Christopher Park tek oss med på ei musikalsk tidsreise frå 1773 til i dag. Sigurd Sverdrup Sandmo er med som kunnskapsrik reiseleiar.

Johann Sebastian Bach (1685–1750) var ein tysk komponist, kantor, orgel- og cembalovirtuos frå barokken. Bach vert rekna som ein av dei mest framståande komponistane i klassisk europeisk musikk-

tradisjon, men i hans eiga levetid var ikkje musikken hans særskilt godt kjend blant det alminnelege musikkpublikum.

Franz Joseph Haydn (1732–1809) var ein austerrisk komponist, og ein av dei mest betydningsfulle, innovative og produktive komponistane i wienerklassisismen. Størstedelen av karrieren arbeidde Haydn som hoffmusikar hjå den velståande Esterházy-familien.

Frédéric Franciszek Chopin (1810–1849) var ein polsk pianist, musikkpedagog og komponist frå musikkens tidlege romantikk. Med bruk av element frå polsk folkemusikk vart Chopin ein forløpar for nasjonalromantikken i musikken. Chopin skreiv nesten berre for klaver og skapte ein heilt ny personleg klaverstil som har hatt innverknad på så godt som alle seinare klaverkomponistar.

Sergej Vasiljevitsj Rakhmaninov (1873–1943) var ein russisk komponist, pianist og dirigent. Rakhmaninov vert sett på som ein av dei

FOTO: NIKLAS HART



viktigaste komponistane innan seinromantikken, og vert rekna for å vera blant tidenes største klavervirtuosar.

Joseph Maurice Ravel (1875–1937) var ein fransk komponist, pianist og dirigent. Klangleg sett vert han ofte assosiert med impresjonismen, men når det gjeld form og struktur har Ravels musikk langt klarare kopling til neoklassisismen. På 1920- og 1930-talet vart han rekna som den største samtidskomponisten i Frankrike.

Béla Viktor János Bartók (1881–1945) var ein ungarsk komponist og pianist, og ein av grunnleggjarane av fagfeltet etnomusikologi. Han vert ansett som ein av dei viktigaste komponistane på 1900-talet, og Bartók og Franz Liszt vert rekna som Ungarn sine største komponistar.

Olga Neuwirth (1968–) er ein austerrisk moderne klassisk komponist, biletkunstnar og forfattar. Ho vart internasjonalt kjend gjennom sine operaer og musikkteaterverk, som ofte omhandlar aktuelle og desidert politiske tema som identitet, vald og intoleranse.




FOTO: KNUUT UTLEIR

# Politisk kveik

LOFTHUS EKSPEDISJON, LOFTHUS | FREDAG 1. SEPTEMBER KL 14:30

Hardanger Musikkfest inviterer til politisk kveik – ein kulturpolitisk samtale. På Lofthus Ekspedisjon vert det låge skuldre og skarpe spørsmål med ein dyktig moderator.

Vestlandet og Hardanger har eit rikt kulturliv, korleis skal politikarane bidra til å sikra mangfald og eit variert kulturliv vidare?

Fylkesordførar Jon Askeland (Sp), Stian Jean Opedal Davies (Ap)-leiar i hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylke og Gunnar Moland (H), fylkestingskandidat frå Ullensvang er bekrefta. Kjem du?



FOTO: KNUT UTILER





FOTO: ANNE VALEUR



# Vemodig Disco

KROSSVOLL | FREDAG 1. SEPTEMBER KL. 16:00 | PRIS KR 250

## Medverkande

Små Grå, vokalgruppe

## Om konserten

Rein og skjær kvardagsmagi! Menneska sitt språk, timing, humoren, alvoret, og kva me heng oss opp i og synest er viktig, er inspirasjonen bak Små Grå si konsertforestilling.

Dei tre super-meritterte songarane Nina Mortvedt, Benedikte Kruse og Mai Elise Solberg har skapt eit kunstnarisk univers som er absurd og naturleg på same tid. Med eit unikt scenekunstuttrykk der song og improvisasjon står i sentrum, leverer dei ei oppleving som ikkje liknar på noko anna. Med ein gjennomarbeida visuell produksjon, tre fantastiske kunstnarar og Krossvoll som framføringsstad vert dette ein time der kjensla av tid, stad og rom kjem til å opphøyra.

*Kva betyr den vetle rørsla, det ho gjorde med håret sitt der? Kva er dei lydane me lagar som lyttarar? Og når går den lyden frå å vera anerkjennande til avvisande, og akkurat kva nyanse vel me? Kva rammer eksisterer i dette rommet, som gjer at akkurat det du gjorde der vart pinleg eller berre litt off? Kan det tenkast at me legg for mykje i alt dette? At me i det hele tatt legg for mykje i ting? Kva betyr det til slutt, sånn eigentleg?*

# Musikalsk grøde

**HARDANGERHALLEN, HOTEL ULLENSVANG | FREDAG 1. SEPTEMBER  
KL. 18:00 | PRIS KR 400 | BORN GRATIS INNGONG MED VAKSEN**

*(Born/unge under 18 år gratis inngong med vaksen. Obs: billett til born må hentast ut på ticketco.no)*

## Medverkande

Anne Hytta, hardingfele  
Ullensvang leikarring  
Anita Solheim Bråvoll, toradar  
Ingfrid Breie Nyhus, klaver  
Owen Weaver, perkusjon  
Håkon Skjæret, perkusjon  
Skuleelever frå Opedal Skule  
Ullensvang skulemusikklag  
Strusshamn skoles musikklag

## Program

· Trad/Anne Hytta: «Slåttespel etter gamalt og nytt»

*Anne Hytta*

· trad: Brudemarsj etter Svend Guldbrandsen

· trad: Sørfjordspringar

· trad: Hamborger etter Svein Lutro

*Anita Solheim Bråvoll og Ullensvang Leikarring*

· Ingfrid Breie Nyhus: Slåttepiano

*Ingfrid Breie Nyhus*

· Steve Reich: Music for Pieces of Wood Arr: David Cossin

*Owen Weaver, Håkon Skjæret*

· Craig Farr/elevar og musikantar: Vasskaninen og jakta på lyden

*Ullensvang Skulemusikklag, Strusshamn Skoles Musikklag,*

*Owen Weaver, Håkon Skjæret*



FOTO: ANDREAS LILVO

## Om konserten

Dette er konserten som struttar av musikalsk skaparkraft og musikkglede!

Me startar med Anne Hytta (1974–), som like gjerne spelar tradisjonsstoff frå Telemark som heilt nye variantar og eigne komposisjonar. Her får me litt frå begge leirar!

Utav fela sin grøde stig leikarringer fram. Ullensvang Leikarring er sett saman av 20 born frå 1.–7. klasse. Dei øver på ulike folkedansar og har mykje leik og moro til musikk på danseøvingane. Med seg som fast speledame har dei Anita Solheim Bråvoll – fleire gongar kåra til noregsmeister på durspel. Til musikkfesten har leikarringen øvd spesielt på sørfjordspringar, og her har Jan Helge Opheim og Irene Instanes vore instruktørar.

Tradisjonen må alltid vidareutviklast, og pianist Ingfrid Breie Nyhus (1978–) har både foredla og fermentert norske folketonar dei siste åra. Resultatet er ei ny form for pianominimalisme. Slått og rammeslått er eineståande element i norsk folkemusikk, kjend som rytmiske dansar framført på den tradisjonelle hardingfela. Rammeslått er kjend for å setja felespelaren i transe, og når Nyhus angrip desse stykka, destillerer ho den hypnotiske ekstasen og skyv den i retning av eit meir abstrakt og minimalistisk landskap.

Transe som musikalsk fenomen er ikkje sænorsk, men er også eit godt stikkord for Steve Reich sitt verk *Music for Pieces of Wood*. Steve Reich (1936–) er ein av USA sine leiande komponistar. Nokon kallar denne forma for minimalisme for «hypnotisk musikk». Reich er utdanna trommeslagar og vart interessert i musikk frå Asia og Afrika. I 1973 erklærte han at «ikkje-vestleg musikk er for tida den viktigaste inspirasjonskjelda til nye idear for vestlege komponistar og musikarar». Via Nyhus og Reich oppdagar me kanskje ei bru mellom norsk folkemusikk og afrikansk trommemusikk. Musikken er som kjend universell.



Me avsluttar konserten med storverket «Vasskaninen og jakta på lyden». På innsida av dette verket får me også høyra vinnarverket frå Veslefrikkprisen 2023: «Lyden av Hardanger», komponert av 5. trinn ved Opedal Skule. Skuleelevane lot seg inspirera av sin heimstad og alt det vakre Hardanger har å by på. Me får høyra både lyden av fossefall, vinden, sidertapping og epletygging. Elevane har no vorte 6. klassingar og står på scena i lag med Ullensvang Skulemusikklag og Strusshamn skoles musikklag. Skulekorpsa har hatt ei aktiv rolle i utforminga av det me får høyra. Saman med komponist Craig Farr (1975–) og perkusjonistane Owen Weaver og Håkon Skjæret frå BIT20 Ensemble, har musikantane vorte utfordra til å bidra med sine eigne idear og assosiasjonar. Velkomen inn i Vasskaninen sitt univers:

*Sommarenga er lun og fin med markblomar og kløver. Summinga av bier og ein rennande bekk er det einaste me høyrrer. Så kjem vasskaninen. Trippande over enga? Eller vassande i bekken? Kva skal den? Finna mat? Ein kjærast? Korleis høyrest det ut når den hoppar i graset eller padlar i bekken?*

Ullensvang skulemusikklag rekrutterer born og unge frå austsida i gamle Ullensvang herad, og har i dag medlemar frå Sekse i sør til Bu i nord. I dag har korpset 21 medlemar i alderen 11–17 år. Strusshamn Skoles Musikklag held til på Askøy. Hovudkorpset tel pr i dag 26 medlemar i alderen 11–18 år.

# Festivalkviss

LOFTHUS EKSPEDISJON | FREDAG 1. SEP. KL. 21:00 | PRIS KR 150

## Medverkande

Anna Gursli Langesæter, kvissleiar

Karl Ystanes, kvissleiar

Unni Løvlid, vokal

Hanna Kallestad, fiolin

Birgitta Elisa Oftestad, cello

Andreas Brantelid, cello

Håkon Skjæret, perkusjon

Små Grå, vokalgruppe



## Om arrangementet

Uformell og variert kviss med musikalske overraskingar!

Kvissmeistrar er balansekunstnarane Anna og Karl! Begge er gardseigarar, men arbeider med sider, festival, journalistikk, HR og PR – tilsaman har dei ei breidde som få kan skilta med! Spørsmåla vil vera ei fin blanding av musikkrelaterte spørsmål – og heilt andre tema. Me inviterer til ein akkurat passe vanskeleg festivalkviss, og det vankar ein fin premie til vinnarlaget!

Kvissen startar kl. 21:00, og vil vara i om lag to timar. Pris er per person.

# Kjærleikens grøde

SKRIVARGARDEN, LOFTHUS | LAURDAG 2. SEP KL. 11:00 | PRIS KR 500

## Medverkande

Mari Eriksmoen, sopran

Christopher Park, klaver

## Program

- György Ligeti: Der Sommer
- Tansy Davies: Destroying beauty
- Alexander von Zemlinsky: Walzergesänge op. 6
  - Liebe Schwalbe (Little Swallow)
  - Klagen ist der Mond gekommen (Those eyes of thine)
  - Fensterlein nachts bist du zu (Casement so humble and small)
  - Ich geh' des Nachts (I wandered by night)
  - Blaues Sternlein (Stars of Heaven)
  - Briefchen schrieb ich (My Love Letters)
- Edvard Grieg: Hjertets Melodier, opus 5
  - To brune Øjne
  - Du fatter ej Bølgernes evige Gang
  - Jeg elsker Dig (Min Tankes Tanke ene Du er vorden)
  - Min Tanke er et mægtigt Fjeld
- Agathe Backer Grøndahl: Barnets vårdag, opus 42
  - En kviddrene lærke
  - Vaarmorgen i skoven
  - Blaaveis
  - Blomstersanking
  - Homlefar
  - Duggdraaper
  - Mot kveld
  - Sov saa stille



- Richard Strauss: 4 Lieder, opus 27
    - Morgen!
  - Richard Strauss: 6 Lieder von Adolf Friedrich Graf von Schack, opus 17
    - Ständchen
  - Hugo Wolf: Goethe Lieder
    - Die Spröde
    - Die Bekehrte
  - Ture Rangström: Den enda stunden
  - Ture Rangström: Bön til natten
  - Ture Rangström: Flickan under nymånen
- Mari Eriksmoen, Christopher Park*



FOTO: KNUJT UTILER

## Om konserten

Sopran Mari Eriksmoen og pianist Christopher Park gjev ei intim og eksklusiv konsert- oppleving i ærverdige Skrivargarden. Lieder og romansar står på programmet – og her er mykje lengsel og grobotn for dei store kjenslene.

Me får nordisk mystikk og romantikk med songar av Edvard Grieg og Ture Rangström. Raffinert melankoli, fagerdom og venleik fra György

Ligeti og Tansy Davies. Alexander Zemlinsky sine lyse songar om kjærleiken, inspirert av toskanske folkesongar, og trillande lette og vakre songer i «Barnets Vårdag» av Agathe Backer Grøndal.



Dei store kjenslene har også plass. I «Morgen!» av Strauss handlar teksten om korleis sola atter skal skina i morgon, og elskande skal møtast. I Ständchen får me historia om ein hemmeleg elskar som, blind av begjær, snik seg inn i skogen for ei natt med lidenskap. Musikken utfyller orda i ein song lada med lidenskap og forføring. Hjä Wolf møter me ei ung og skjøn gjeterinna. I fyrste song, «Die Spröde», flørtar ho hengiven med menn på sin veg – full av attrå nyt ho merksemda. Ho er ikkje interessert i forpliktingar og avviser dei ein etter ein og held lystig fram vidare. I «Die Bekehrte», har ho falle for ein av sine friarar. Fløytespelinga hans har temma det uregjerlege, og ho set pris på dei søte kyssa hans. Den siste strofa i diktet avslørar imidlertid ei kjensle av melankoli. Gjeterinna har «mista seg sjølv», og «gleda har flogt bort». Alt hun høyrer no er falma tonar av refrenget som ho ein gong song så lystig...

# Musikalsk halvtime

BRÅVOLLTUNET, KINSARVIK | LAURDAG 2. SEPTEMBER KL. 11:00

## Medverkande

Andreas Brantelid, cello

## Om konserten

Stjernecellist Andreas Brantelid vitjar Bråvolltunet. Familie og vener er velkomne til å ta del i konserten i lag med bebuare.

Den svensk-danske cellisten Andreas Brantelid er noko av det næraste me kjem ein garantist for at dei gyldne augneblinkane skal oppstå. Han har ein klang i Stradivariusen sin som kan inspirera ein gråstein, og han er ein særskilt levande og engasjerande musikal. Me lovar ei stund som tek deg nærare musikken.



FOTO: IDA WANG

# Kammermusikk i Agatunet

AGATUNET | LAURDAG 2. SEPTEMBER KL. 12:00 | PRIS KR 300

## Transport:

Ta gjerne siderbåten Aurora of the Fjords til konserten. Avgang Lofthus kl. 11:15, ankomst Aga kl. 11:30. Retur frå Aga kl 14:10/15:30. Ankomst Lofthus kl. 14:25/15:45. Båten kan også tas frå Eidfjord kl. 09:30 og Ulvik kl 10:10. Sjå transportside for heile rutetabellen. Pris tur/retur Lofthus–Aga kr 150. Booking på [tastehardanger.com](http://tastehardanger.com) eller [thefjords.com](http://thefjords.com).

## Medverkande

Hanna Kallestad, fiolin

Birgitta Oftestad, cello

Sigurd Sverdrup Sandmo, konferansier

## Program

· György Sándor Ligeti: Hommage à Hilding Rosenberg

· Maurice Ravel: Sonate i A-moll for fiolin og cello

- 4. sats, Vif, avec entrain

· Johann Sebastian Bach: Preludie nr. 15 i G-dur

· Carl Philip Emmanuel Bach: Presto i C-moll

*Hanna Kallestad, Birgitta Elisa Oftestad*

· György Sándor Ligeti: Sonata for solo cello

- 1. sats, Dialogo

*Birgitta Elisa Oftestad*

· Trad: Kivlemøyane frå Seljord, i form etter Torkjell Haugerud

*Hanna Kallestad*

- Hanna Kallestad: Natursuite

· Zoltán Kodály: Duo for fiolin og cello i D-moll

- 1. sats, Allegro Serioso

*Hanna Kallestad, Birgitta Elisa Oftestad*



## Om konserten

Fjorårets stjerneskot Hanna Kallestad tek med seg den prislønna cellisten Birgitta Elisa Oftestad til Lagmannsstova i Agatunet, og byr på både eigen musikk og favorittar frå kammermusikk-repertoaret. Sigurd Sverdrup Sandmo er vertskap.

Agatunet er eit freda klyngetun på Aga i Ullensvang ved Sør fjorden. Den eldste bygningen i tunet er Lagmannsstova frå 1220. Agatunet er ein del av Hardanger og Voss museum.

Lagmannsstova er den einaste attståande delen av eit større bygningskompleks som vart reist som eit administrasjonsanlegg etter europeisk modell, og vart nytta til representasjon, som bustad og som rettslokale. Anlegget hadde og eige stavbygd kapell. Resten av bygningsmassen vart riven i 1811. I dag er Lagmannsstova det einaste huset av sitt slag i Noreg, og eit av dei best ivaretekne sekulære mellomalderbygg me har i landet.

Her er imponerande tømmer og andre vakre bygningsdetaljar, bord frå mellomalderen, uvanlege steinkjellarar og 800 år med historie. Kjellarmurane er nyleg kalka, med brent kalk frå eigen omn. Steinen er henta lokalt, frå det som truleg og var kjelda den gong bygget var nytt.





# Borealis Ung Komponist

KROSSVOLL | LAURDAG 2. SEPTEMBER KL. 13:00 | PRIS KR 250

## Medverkande

YrrY:

Mari Garcés, sopran

Carmen Bóveda, cello

Owen Weaver, perkusjon

Håkon Skjæret, perkusjon

## Program

- Luke Drozd: An Interpretation of an Overhearing of a Collection of Coincidences
- Eline Rafteseth: How to lose oneself
- Susanne Xin: Nattasanger for flyktninger
- Guoste Tamulynaite: Musicality

## Om konserten

YrrY kombinerer to av dei eldste måtane å laga musikk på – stemma og perkusjon – på nye og overraskande måtar. Den bergensbaserte trioen utforskar akustikk, elektronikk og fysiske moglegheiter i improvisert og nyskriven musikk. Trioen sitt namn er ei bokstaveleg spegling av Bergen sitt berømte vêr. I anledning Borealis Ung Komponist er trioen gjort om til ein kvartett ved å slå seg saman med cellist Carmen Bóveda.

Borealis Ung Komponist er eit mentorprogram for komponistar. Borealis – ein festival for eksperimentell musikk – vert arrangert årleg i mars i Bergen, og ynskjer å fremja eit stort spekter av stemmer og rollemodellar. Festivalen har også fokus på å leggja til rette for at framtida til eksperimentell musikk skal vera prega av mange ulike perspektiv.





Luke Drozd er ein kunstnar og kulturprodusent frå Storbritannia, busett i Bergen. «An Interpretation of an Overhearing of a Collection of Coincidences» hentar inspirasjon frå lydsjekk, oppvarming, krøllete kassettband og endespora på LP-plater. Den meditative chk-chk-chk som fortel deg at plata er ferdig. Stolen sitt langsame knirk medan du lener deg tilbake og stirer på skjermen og lyttar til den brusande summinga frå ein sviktande harddisk. Den uendelege mumlinga frå din eigen indre monolog. Verket er ein invitasjon til å feira rotet på arbeidsrommet og overflatestøyen i livet.

Eline Rafteseth er ein bassist og komponist frå Vestnes i Møre og Romsdal, busett i Bergen. Verket «How to lose oneself» er ein sonisk interpretasjon av kjenslene ho sat att med etter å ha vorte lurt inn i 2 sekter. Verket er delt inn i 3 delar. Del 1 symboliserer det utopia som vart førespegla og er fylt med von, naivitet og forventningar. Del 2 symboliserer den uroen som ligg under overflata når noko ikkje kjennest heilt som det skal. Lyden av å gradvis mista seg sjølv, til det ikkje er noko att. Del 3 er lyden av å ha fått sin identitet fråstjelt. Ei lydgjering av løfta ho gav til gurun – «I surrender whats left of myself to God.»

Susanne Xin er ein norsk-vietnamesisk kunstnar, pianist og musikkpedagog. «Nattasanger for flyktninger» er eit verk som har tatt utgangspunkt i flyktninghistoria til Susanne sin pappa, som flykta etter Vietnamkrigen og endte opp i Bergen i 1989. Verket formidler dei komplekse kjenslene av å flykta frå heimen sin og ikkje veta om ein nokon gong kjem til land - og er eit kjærleiksbrev til sin eigen pappa og andre flyktninger.

Guoste Tamulynaite er ein kunstnar frå Litauen, busett i Oslo, utdanna ved Norges musikkhøgskole. Om verket Musicality sier ho:

*«Eg har tenkt veldig mykje på kor i kroppen musikaliteten held til, og korleis ulike musikarar får tilgang til den. Eg tykkjer det er festleg å tenkja på korleis musikaliteten vår manifesterer seg i kvardagen, når me ikkje spelar våre instrument. Eg tykkje det er morosamt kor glade me musikarar er i våre instrument, og i kor stor grad me kan kjenna oss avhengige av desse for å kunne nytta oss av vår musikalitet.»*

# Unamna

ULLENSVANG KYRKJE | LAURDAG 2. SEP. KL. 15:00 | PRIS KR 275

## Medverkande

Unni Løvlid, vokal

Anne Hytta, fele


Ingfrid Breie Nyhus, klaver/orgel

## Om konserten

Unni Løvlid, Anne Hytta og Ingfrid Breie Nyhus gjer sine versjonar av dei same folketonane Edvard Grieg nytta i sine ni norske folkeviser, Opus 66, i eigne, heilt særprega versjonar. Trioen har forma folketonane vidare i sitt eige musikalske språk. Tilnærmingane til stoffet knytter seg til møte med dei mange sterke livshistoriane i songtekstane. Etter eigne assosiasjonar og idear har songane gradvis utkrystallisert seg til skisser for improvisasjonar og innfall, der ei framføring av visa aldri vert lik den neste.

Konseptet bak Unamna er å sjå tilbake på dei ofte ikkje namngjevne kvinnene som medverka med kjeldematerialet til folketone-samlingane til Grieg, Frants Beyer og Julius Röntgen. Den einaste

FOTO: INGVI LSKEIE LIONES



identiteten som er sikker er Gjendine Slålien som gav Grieg melodien Gud fader mig så underlig. Unni Løvlid, Anne Hytta og Ingfrid Breie Nyhus har samskrive, dels improvisert, dels komponert ei innsamling av dei same folketonane, og nokre gongar inkludert variantar frå andre regionar.

Folkemusikk lev gjennom generasjonane og vandrar frå menneske til menneske. Det er eit kollektivt samarbeid samtidig som enkeltmennesket formar kvar song og slått ut ifrå evne og bruk – lyttande, spelande og levande arv. Bevaring, personleg preg, aktiv song og spel, sosial formidling og vidareføring er avgjerande. Kvinnene som song lokkar, slåttar, bånsullar, slåttestev og viser, har vore like viktige tradisjonsberarar som instrumentalistane. Likevel er ikkje namna deira teke vare på eller vidareført.

Edvard Grieg, Frants Beyer og Julius Röntgen ferierte i norske bygder og fjell, og plukka opp songar dei tok med seg heim og inn i sin musikk. Dei lærte songer av kvinner som arbeidde på turisthyttene i Jotunheimen og andre stader dei besøkte om sommaren, men det er vanskeleg å spora opp kven desse kvinnene var. Komponistane såg på det som si oppgave og glede å skriva ned songane, og dela dei med nye miljø. Hadde ikkje musikken vorte notert, hadde songane kanskje vore gløynde den dag i dag. Men det er også utfordrande å fanga ein levande tradisjon inn på eit noteark. Noko vil alltid vera ukjend rundt songen, og dermed fell variasjonar og det spontane utanfor notearket, og musikken vart forenkla.

På same vis som Grieg forma songane inn i sitt uttrykk, har Unni Løvlid, Anne Hytta og Ingfrid Breie Nyhus gjort tilsvarande. Tradisjonsberarane er deira felles referanse, og den viktigaste inspirasjonen for prosjektet. Dei ynskjer å lyfta fram kvinnene som song desse songane – eller snarare ideane om kven dei kan ha vore og kva kraft dei har bore i seg.

# Sidersmaking med musikalsk fylgje

LOFTHUS SIDERI | LAURDAG 2. SEPTEMBER KL. 17:15 | PRIS KR 480

## Medverkande

Kouame Sereba, djembe/dodo/kalimba/vokal

Små grå, vokalgruppe

## Om arrangementet

Sidersmaking er eit fast element under Hardanger Musikkfest. I år går turen til Lofthus Sideri. Vokalgruppa Små Grå og multiinstrumentalist Kouame Sereba er på plass, og me får smaka på fleire av produkta frå vertskapet.

Små Grå er ei spektakulær vokalgruppe, sett saman av Benedikte Kruse, Nina Mortvedt og Mai Elise Solberg. Saman med multiinstrumentalist, vokalist og humørspreiar Kouame Sereba er dei musikalske boblene godt sikra!

Lofthus sideri ligger på Eidnes og er drifta av fire nabobruk som i lag freistar å laga eplejuice og sider. I bratte skråningar dyrkar dei eple, solrikt til vendt mot sørvest. I lag med eit godt jordsmonn og gunstig klima med lange sommardagar gjev dette epla den søte og syrlege smaken som er så viktig for ein god eplejuice, og ikkje minst, ein god sider. I 2023 opna dei nye flotte lokaler og Hardanger Musikkfest gler seg til å innvia Lofthus Sideri som konsertarena.



# Overraskingskonsert

HARDANGERHALLEN, HOTEL ULLENSVANG | LAURDAG 2. SEP.  
KL. 19:00 | PRIS KR 400

## Medverkande

Christopher Park, klaver

Unni Løvlid, vokal

Andreas Brantelid, cello

Stian Carstensen, akkordeon

Ola Kvernberg, fele

Henrik Horge, vokal

Små Grå, vokalgruppe

Anne Hytta, fele

Hanna Kallestad, fiolin

Birgitta Oftestad, cello

Ingfrid Breie Nyhus, klaver

Mari Eriksmoen, sopran

Kouame Sereba, djembe/dodo/kalimba/vokal

Sigurd Sverdrup Sandmo, konferansier

Therese Birkelund Ulvo, konferansier

## Om konserten

Overraskingskonserten er Hardanger Musikkfest sin gallakonsert. I Hardangerhallen møter du eit stjernespekke lag og vert servert ei forundringspakke av musikk som overrasker, rører og underhalder. Artistane spelar i både kjende og heilt nye konstallasjoner som oppstår spesielt for festivalen. Dette er moro både for publikum og artistane! Arrangementet har vore blant festivalen sine mest populære i ei årrekke.

Therese Birkelund Ulvo og Sigurd Sverdrup Sandmo er vertskap.



Hardangerhallen er ein tennishall med glasveggar som gjev ein fantastisk utsikt mot fjell og fjord. Her vert det bygd opp scene, og delar av publikum kan sitja i amfi. Hardanger Musikkfest vart etablert av Stig Nilsson i 1996. Den dåverande konsertmeisteren i Oslo-Filharmonien hadde i nokre år vore på jakt etter ein stad der han kunne invitera vener og kollegaer til felles musisering, og skapa ein festival basert på positive relasjonar og god musikk. Staden fann han i Hardanger, nærare bestemt på Hotel Ullensvang. Me er glade for å halda denne tradisjonen i hevd og inviterer atter ein gong til gyldne augneblikk i festivalen si storstove.





FOTO: ELISABETH EMMERHOFF



# Festkveld med Carstensen og Kvernberg

KROSSVOLL | LAURDAG 2. SEPTEMBER KL. 22:00 | PRIS KR 350

## Medverkande

Ola Kvernberg, fele

Stian Carstensen, akkordeon

## Om konserten

Ola Kvernberg og Stian Carstensen er to multiinstrumentalistar av rang. Mest kjend er dei for å nytta fele, trekkspel og banjo til å kasta seg ut i bluegrass, jazz og gamaldans, og blanda dette i ein forførande cocktail av «gammalgrass» og dødsforakt. Med humor og overskot tek dei oss med på ei reise i eit hittil lite utforska musikalsk landskap – og der dei fleste taktartar og sjangrar vert utsett for meir eller mindre respektlause tolkingar. Duoan går heller ikkje av vegen for å improvisera over forslag frå publikum i god, sosialdemokratisk ånd! Stian Carstensen og Ola Kvernberg lovar ein forrykande kveld på Krossvoll.

Ola Kvernberg byrja å spela klassisk fiolin allereie som seksåring og har røter i folkemusikken. Han vann tredjepris i ein stor klassisk fiolinkonkurrans i Italia då han var 14 år gamal. To år seinare «oppdaga» han jassen, og Kvernberg vart på kort tid sentral i den unge delen av jazzmiljøet i Molde. I nasjonal samanheng slo han gjennom i forbindelse med Djangofestivalen i Oslo vinteren 2000. Dette resulterte i albumet Hot Club de Norvège Presenting Ola Kvernberg & Jimmy Rosenberg. Med sitt «Steamdome»-prosjekt har Kvernberg gjennom to album og euforiske konsertar for alvor vist kva for ein komponist han også er.





Stian Carstensen trakterer bl.a trekkspele, gitar, banjo, sekkepipe, bulgarsk fløyte, pedal steel gitar, fiolin og leirgjøk. Stian Carstensen er kanskje mest kjend frå bandet Farmers Market, men har også markert seg som soloartist, solist og konferansier. Repertoaret består av ein miks av heimelaga og importerte musikalske element med hovudvekt på jazz, balkansk folkemusikk, bluegrass, country og klassisk musikk. Han går heller ikkje av vegen for å hamra saman humoristiske viser – gjerne på Eidsvollsdialekt, og praktiserer improvisert verbalhumor av ypperste merke på scena. Musikalsk brådikting over forslag frå publikum er eit varemerke.

# Improvisert barneteater

KROSSVOLL | SUNDAG 3. SEPTEMBER KL. 11:00 | PRIS KR 250

*(Familiebillett)*

## Medverkande

Henrik Horge, skodespelar

Små Grå, vokalgruppe

Stian Carstensen, akkordeon

## Om arrangementet

Improvisert eventyrteater for heile familien! Små Grå har med seg skodespelar Henrik Horge og musikal Stian Carstensen. Dei improviserer fram ei teaterforestilling med publikum si hjelp. Publikum vert invitert til å koma med forslag og innspel undervegs som påverkar handlinga på scena.

Henrik Horge har lang og brei erfaring frå både teaterscena, film og tv. I 2014 starta han teatergruppa Plutselig Barneteater på Nesodden. Plutselig Barneteater driv med improvisasjonsteater for born, med fokus på eventyr, musikk, popkultur, humor, kreativitet og tullball.

Små Grå er dei tre songarane Nina Mortvedt, Benedikte Kruse og Mai Elise Solberg. Dei lagar forestillingar der song, improvisasjon og dans går saumlaus over i kvarandre og har samarbeidd med ei rekkje komponistar, koreografar og regissørar.

Multiinstrumentalist Stian Carstensen går heller ikkje av vegen for musikalsk gjøgleri. Musikalsk brådikting er eit av hans varemerke, og han spelar like gjerne trekkspel som sekkepipa eller fiolin. Forvent ei konsertoppleving der musikanteri, driv, fart og humor er viktige ingrediensar.



# Griegvitjing

ULLENSVANG KYRKJE | SUNDAG 3. SEP. KL. 12:00 | PRIS KR 300

## Medverkande

Andreas Brantelid, cello

Ingfrid Breie Nyhus, klaver

Christopher Park, klaver

## Program

- Edvard Grieg: Lyriske stykker I - Opus 12
  - Arietta
- Edvard Grieg: Lyriske stykker III - Opus 43
  - Erotikk
- Edvard Grieg: Lyriske stykker VIII - Opus 65
  - Bryllupsdag på Troidhaugen
- Edvard Grieg: Lyriske stykker X - Opus 71
  - Småtroll

*Christopher Park*

- Ingfrid Breie Nyhus: Slåttepiano

*Ingfrid Breie Nyhus*

- Thomas Tellefsen: Berceuse, Op.32 No.1

*Andreas Brantelid, Ingfrid Breie Nyhus*

- Tyler Futrell: Vuggesang

*Andreas Brantelid*

## Om konserten

Dei lyriske stykka har brakt Edvard Grieg (1843–1907) inn i heimane og hjarto til eit stort internasjonalt publikum. Samla fortel dei også om Grieg si utvikling som komponist gjennom mange år. Det fyrste stykket i fyrste samling, «Arietta», er ei følsom lita perle. Nemninga Arietta kan omsetjast med «liten arie» og siktar til det vokale og songlege preget. Hefte 3 viser komponisten sin meisterlege




konsentrasjon, detaljrikdom innanfor enkelheit og evne til å samanfatta rafinnerte idear til ein fullbåren heilskap. «Erotikk» er nr 5 i tredje hefte. I perlerada av lyriske stykke, står «Bryllupsdag på Troldhaugen» i ei særstilling. Stykket inneheld alt det Grieg hadde av rytmisk og melodisk overskot og dessutan ei ettertenksom og romantisk stemning som berre han kunne laga. Med heftet nr. 10 sette den 58-årige Grieg punktum for dei lyriske stykka, som talte 66 i alt. Han har fleire karakterskildringar av troll i musikken sin, blant anna i stykket «Trolltog», frå det femte heftet med lyriske stykke, og den ikkje ukjende «I Dovregubbens hall» frå Peer Gynt. Dovregubben skildrar dei store trolla – både rundt oss og inni oss – medan «Trolltog» fortel om dei mellomstore trolla. Då står det berre att å presentera dei minste trolla, og det gjer Grieg med humor og snert i «Småtroll». Stykket er fullt av overraskingar og raske harmoniske overgangar.



Ingfrid Breie Nyhus (1978–) sitt «Slåttepiano» er ein personleg symbiose av feleslåttar og klavermusikk. Suggesterande intimt og fengslande. Tilnærminga kan minna om Grieg sine «Slåtter op. 72», men det musikalske resultatet er moderne og heilt lauserive frå Grieg. I slåttepianomusikken flettar Nyhus slåttebitar og slåtteminne saman med flygelet sine stemmer og minne. Slåttepiano eksisterer ikkje som lineær form, men som ein innholdsverden som vert plukka ned og løyst opp, på nytt for kvar framføring, tett knytta til kroppsleg kunnskap.

200-årsjubilanten Thomas Dyke Acland Tellefsen (1823–1874) var ein av Noreg sine fremre klavervirtuosar og i si tid Noreg sin mest internasjonalt berømte musikal ved sidan av Ole Bull. Tellefsen var elev av Frédéric Chopin og vert rekna som ein av hans aller viktigaste arvtakarar og fortolkarar i samtida, og var den fyrste som gav ut Chopin sine samla verk. Han var ein etterspurd pedagog og viktig norsk komponist. Han komponerte den fyrste norske konsert for klaver og orkester, og var blant dei fyrste til å nytta folkemusikkelement i sine verk. Sjølv om Tellefsen i si levetid var internasjonalt kjend, vart han relativt fort gløymt etter sin død i 1874.

«Vuggesang» av Tyler Futrell (1983–) vart skriva i 2016. Stykket er bygd opp i «fram og tilbake», gyngande rørsler – som sakte utviklar seg over mange repetisjonar. Ei musikalsk simulering av å vogga ein baby inn i søvnen. Etter eit klimaks som truleg ville vekka babyen, går materialet over til naturlege flagolettar og roar seg ned att før det gradvis forsvinn heilt.



# Avslutningskonsert

KRAFTKATEDRALEN, TYSSDAL | SUNDAG 3. SEPTEMBER KL. 15:00

PRIS KR 375

## Medverkande

Kouame Sereba, djembe/dodo/kalimba/vokal

Mari Eriksmoen, sopran

Hanna Kallestad, fiolin

Birgitta Oftestad, cello

Unni Løvlid, vokal

Anne Hytta, fele

## Program

· Trad: Gud Fader Mig Saa Underlig - Gjendines Bådnlåt

*Unni Løvlid*

· Trad: Jesus gjør meg stille

*Unni Løvlid, Anne Hytta, Kouame Sereba*

· Arne Nordheim: Clamavi

*Birgitta Oftestad*

· J. S. Bach: «Öffne dich, mein ganzes Herze» (BWV 61)

*Mari Eriksmoen, Birgitta Oftestad*

· Kouame Sereba: Djonabalo

*Kouame Sereba*

· Improvisasjon

*Anne Hytta, Kouame Sereba*

· Lasse Thoresen: Himmelkvad op 19

- O min Herre, la mig næres av din skjønnhet

*Unni Løvlid*

· Trad: Nu dagens lys sig sniger hen

*Unni Løvlid, Anne Hytta, Kouame Sereba*

· Anne Hytta: fra «Gjennom dagen»

*Anne Hytta*

- Richard Strauss: op 27 nr 4, Morgen! Arr: Hanna Kallestad  
*Mari Eriksmoen, Hanna Kallestad, Birgitta Oftestad*
- Kouame Sereba: Naya don't leave  
*Kouame Sereba*
- Kouame Sereba/trad: Ziza - Kilden - Kom helge ande  
*Kouame Sereba, Unni Løvlid, Anne Hytta, Mari Eriksmoen*
- Sergej Rakhmaninov: Vocalise. Arr: Hanna Kallestad  
*Mari Eriksmoen, Hanna Kallestad, Birgitta Oftestad*



## Om konserten

Festivalen vert avslutta med eit møte mellom ulike tradisjonar. Turbinhallen i Tyssedal har fått kallenamnet «kraftkatedralen», og årets siste konsert vert fylt med høgtideleg og katedralverdige innhald med musikk som krev tid og etterklang. Musikalske møte som utfyllar kvarandre – vakkert og sakralt med nærvær og intensitet.

Religiøse folketonar er ein viktig del av folkemusikkarven. «Gud Fader Mig Saa Underlig» og «Gjendines Bådnåt» er etter Gjendine Slålien, medan «Jesus gjør meg stille», og «Nu dagens lys sig sniger hen» er etter Ragnar Vigdal. Vigdal er kjend som folkesongar og berar av det gamle lekfolket sin songtradisjon i indre Sogn. «Clamavi» er det einaste stykket som Arne Nordheim (1931–2010) har skrivne for cello solo. Stykket er inspirert av Salme 141: «Herre, jeg roper til deg. Skynd deg å hjelpe meg». Nordheim brukte salmeteksten til å generera det musikalske materialet. Då han var ferdig med verket, fjerna han teksten, og cellomusikken står åleine att.




FOTO: JACOB LUNDBERG



Johann Sebastian Bach (1685–1750) var også djupt inspirert av si tru i si komponistgjerning. Han ville gje Gud æra for all musikk han komponerte og skreiv på kvar komposisjon: «Soli Deo Gloria» – «Gud åleine skal ha æra». Ei meir daglegdags form for åndeleg kultur finn me i musikken til Kouame Sereba (1959–), som har røter tilbake til Elfenbenskysten. Den alltid-nærværande musikken i barndomsheimen sette seg i kroppen hans, og Sereba var berre bornet då han innsåg at same song kunne nyttast i mange ulike sinnstemningar. Sereba stemmer alltid seg sjølv før ein konsert. Han finn grunntonen han vil ta med seg inn i møte med publikum.

Lasse Thoresen (f. 1949) er ein av dei viktigaste norske komponistar i etterkrigstida. Han er sterkt drive av den åndelege dimensjonen i kunsten og knyttar seg til naturen og dei heilage skriftene sin variasjonsrikdom. Verket «Helligkvad» utforskar nærast alle aspekt av både stemme- og kjensleregisteret. I musikken til Anne Hytta (1974–) er det meste basert på improvisasjon og musikalske linjer som har gått i tradisjonar sidan tidenes morgon. Hytta tek oss med inn i sitt musikalske landskap som osar av norsk natur og mystikk.

«Morgen!» av Strauss (1864–1949) handlar om korleis sola atter skal skina, og elskande skal møtast att. «Vocalise» har vorte ein av Sergej Rakhmaninov (1873–1943) sine mest elska komposisjonar. Det er den siste songen i ei større samling, men i motsetnad til dei fyrste 13 songane har ikkje «Vocalise» nokon tekst. Som Rakhmaninov forklara til sopranen Antonina Nezhdanova, «Kva trong er det for ord, når du vil vera i stand til å formidla alt betre og meir uttrykksfullt enn nokon kunne med ord, med di stemme og tolking?».



# Artistar

## ANDREAS BRANTELID

Cellist Andreas Brantelid er ein av dei mest etterspurde utøvarane i Skandinavia. Han får rosande omtalar over heile verda for dei tankevekkjande tolkingane sine, den unike klangfargen og den engasjerande personlegdomen. Han vart fødd i København i 1987 og har foreldre frå Sverige og Danmark. Den første opplæringa fekk han av far sin, cellisten Ingemar Brantelid, og han debuterte som solist som 14-åring, då han framførte Elgars cellokonsert med Det Kongelige Kapel i København. I 2018 vart Brantelid kunstnarleg leiar av Stavanger internasjonale kammermusikkfestival i lag med pianist Christian Ihle Haddeland. Andreas Brantelid spelar på ein «Boni-Hegar»-Stradivarius frå 1707, som er stilt til disposisjon for han med støtte frå den norske kunstsamlaren Christen Sveaas. Andreas Brantelid gjesta førre gong Hardanger Musikkfest i 2009.

## ANITA SOLHEIM BRÅVOLL

Anita Solheim Bråvoll (f. 1972) spelar durspel og trekkspel. Ho er busett i Kinsarvik, opprinneleg frå Andebu i Vestfold. Byrja å spela toradar som lita jente i 1981 og elska det frå fyrste belgedrag. Har sidan vort ein kjendutøvar i durspel- og folkemusikkmiljøet, og har lang erfaring både som solist og i samspel med andre. Fleire gongar kåra til noregsmeister på durspel. Mangeårig lærar i kulturskulen i Ullensvang og fast «spelekvinne» for leikarringen på Lofthus. Gav i 2022 ut sitt soloalbum «Dansær himætte» der ho på sin måte har overført dokumentert felemusikk frå 1800-talets Vestfold til durspill. Arrangør av den årlege Blømingsfestivalen i Kinsarvik.

## ANNE HYTТА

Anne Hytta er prislønna hardingfelespelar og komponist som arbeidar både med det tradisjonelle folkemusikkrepertoaret og med nyskriven musikk. Dei smidige linjeføringane i vår gamle

tradisjonsmusikk er hennar utgangspunkt i alt musikalsk arbeid. Som frilansande musikar er ho involvert i ei rekkje ulike prosjekt, frå middelalder- til improvisasjonsmusikk, frå solo til større ensemble. I 2022 gav ho ut soloalbumet Gjennom dagen med eigenskrive musikk for solo hardingfele til gode kritikkar. I 2023 kom utgjevinga BRIDGE for Telemark kammerorkester, – også denne fekk kritikkarane til å jubla. Som 11-åring byrja Anne Hytta i hardingfelelære hjå spelemannen Einar Løndal (1914–2006) frå Tuddal i Telemark. Han kom frå ein familie av spelemenn i mange generasjonar, og faren Svein forma ut slåttar i eigen stil, seinare kalla Løndalspel, som på mange måtar er det musikalske morsmålet til Hytta. Anne Hytta gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

### **BIRGITTA ELISA OFTESTAD**

Den unge cellisten Birgitta Oftestad studerer for tida ved Norges musikkhøgskole med Torleif Thedéen som hovudlærer. Ho har allereie rokke å vinna heile 18 nasjonale/internasjonale førsteprisar som solist, og i 2021 vart ho yngste vinnar av Oslo Filharmonien sin «Ung Solist konkurranse». I 2018 vann ho NRK sin konkurranse «Virtuos» og dermed også «Den norske solistpris». Birgitta Oftestad fekk då representera Noreg i den internasjonale konkurransen «Eurovision Young Musicians» i Edinburgh, der ho kom til finalen. Ho har spelt på ei rekkje festivalar, både som solist og kammermusikar, og i 2019 opna ho Oslo kammermusikkfestival sitt 30-årsjubileum med Bachs Cello Suite no. 4 – 30 år etter Truls Mørk. Ho har hatt eigen recital i Festspillene i Bergen, og vore solist på Frankiske Müsiktage, Alzenau, saman med Diana Adamyan. Birgitta Oftestad gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

### **CHRISTOPHER PARK**

«Christopher Park er ein pianist som fengslar med sitt fascinerande tekniske nivå, sin forbløffande musikalske modnad, og ein spesielt intens spelestil», var orda som fall frå juryen i

Stiftung Schleswig-Holstein Music Festival, då Park mottok den prestisjefulle Leonard Bernstein-prisen i 2014. Med dette gjekk han inn i rekkjene til høgt akta musikarar som Lang Lang, Lisa Batiashvili og Martin Grubinger, som alle starta sine karrierar med denne prestisjefulle prisen. Mange store ensemble har engasjert Park, og han har jobba med dirigentar som Christoph Eschenbach og Jukka-Pekka Saraste, og spelt konsertar i Europa, Asia, USA og New Zealand. Han er lidenskapeleg oppteken av kammermusikk, og debuterte i Brahms Saal i Vienna Musikverein med Küchl Quartet seint i 2014. Sidan 2021 har Park vore professor ved Norges musikkhøgskole. Christopher Park gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

### **CRAIG FARR**

Craig Farr kjem frå Hertfordshire i England, men bur no i Bergen. Han har bachelor i både slagverk og komposisjon, og høyrer til den såkalla Morten Eide Pedersen-skulen ved Griegakademiet. Den rytmiske legninga hans pregar store delar av musikken. Ein annan påverknad er at han like gjerne spelar med popband som Kings of Convenience som med Bergen Filharmoniske Orkester, og han rører seg saumlaust mellom sjangrane. Til dagleg spelar han i Sjøforsvarets Musikkorps Vestlandet (SFMK). Til Hardanger Musikkfest 2023 har Craig Farr utvikla prosjektet *VASSKANINEN* for Ullensvang Skulemusikklag og medlemmer av BIT20 Ensemble.

### **ELISABETH EMMERHOFF**

Fotografiet har vore med Elisabeth Emmerhoff i heile hennar vaksne liv. Som fotografstudent i London og med ein mastergrad i kunst frå Kunsthøgskulen i Bergen, har fotografiet stadig fått prøva seg på nye innfallsvinklar. Elisabeth Emmerhoff er interessert i møta, oss menneske imellom. Å vera i augneblinken, for å prøva å fanga det som ligg i det, med kameraet. Ho bur på Grønsnes, ein fruktgard på Jåstad i Sørfjorden. Elisabeth Emmerhoff har gjort fleire foto-

prosjekt som tek utgangspunkt i Hardanger sin særeigne kultur, og vart difor det naturlege val som festivalkunstar med tematikken GRØDE. På Opedalstunet kan bileta hennar opplevast gjennom heile festivalveka. Ta turen innom! Elisabeth Emmerhoff gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

### HÅKON SKJÆRET

Håkon Skjæret er utdanna musikkpedagog og klassisk slagverkar ved Norges musikkhøgskole. Håkon har lang erfaring som ensemblemusikar, og utmerkar seg særskilt med evna til å jobba tverrfagleg i sine kunstprosjekt. Han jobbar blant anna i BIT20 Ensemble i Bergen, der han skapar kunstprosjekt for born og unge. BIT20 Ensemble spesialiserar seg på nyskrive musikk for sinfonietta-besetning. Gjennom sine deltakarprosjekt er BIT20 Ensemble sitt mål å tilretteleggja for samspel og samskaping, der kreativ nyfikenheit ligg til grunn for jakta på det ukjente. I 2015 byrja utviklinga av ensemblet sin eigen komposisjonsapp, BITWaves, der det på ein enkel måte vert tilrettelagt for eiga musikkskaping. Under årets Hardanger Musikkfest har musikanter frå Ullensvang skulemusikklag og elevar ved Kinsarvik Skule utforska digital komposisjon med BITWaves. Håkon Skjæret gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

### HANNA KALLESTAD

Hausten 2022 tok Hanna Kallestad over rolla som konsertmeister i BFUng. Ho byrja å spela fiolin på Bergen kulturskule då ho var 6 år gamal og i dag studerar ho på Norges musikkhøgskole med Henning Kraggerud. Hanna Kallestad har spelt i Bergen Filharmoniske Ungdomsorkester heilt sidan oppstarten i 2015, og saman med gode vener i orkesteret har ho utvikla ein endå større lidenskap for musikk. I tillegg til BFUng har Kallestad blant anna spelt med Ung Filharmoni, Det Norske Kammerorkester, 1B1 og Bergen Unge Kammerorkester. Som solist har ho fått fleire oppdrag på Edvard Grieg Museum Troidhaugen og Ole Bull Lysøen Museum saman med Ole







Christian Haagenrud. Hanne Kallestad vart Hardanger Musikkfest sitt Stjerneskot i 2022 og gjestar festivalen for andre gong.

### **HENRIK HORGE**

Henrik Horge er utdanna skodespelar ved Statens Teaterhøgskole (KHiO) i 2004. Han har lang og brei erfaring frå både teaterscena, film og tv, og har blant anna vore tilsett på Det Norske Teatret, Rogaland Teater, Oslo Nye og Nationaltheatret. I 2014 starta han teatergruppa Plutselig Barneteater på Nesodden. Plutselig Barne-teater driv med improvisasjonsteater for born, med fokus på eventyr, musikk, popkultur, humor, kreativitet og tullball. I dag er Plutselig Barneteater både ein aktivt omreisande teatertrupp og eit populært improvisert podkastfenomen. I tillegg til å vera skodespelar er Horge musikkartist, og har fleire utgjevingar bak seg. Akkurat no er orkesteret Henrik Horge & Calypsokameratene aktuelle med den rykande ferske barneplata «Korallrev og Pølsevev». Henrik Horge gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

### **INGFRID BREIE NYHUS**

Pianist Ingrid Breie Nyhus er oppvaksen i ein folkemusikkfamilie med røter i Rørostradisjonen. Ho studerte klassisk klaver i Noreg, Tyskland og Finland, og har sidan arbeidd med klassisk, samtids-musikk og folkemusikk på klaver. Ingrid har motteke ei rekkje prisar og utmerkingar, slik som Den Norske Solistpris, Spellemann-prisen og Folkelarm. Hun har vore solist med orkester som Oslo-filharmonien, Trondheimsolistene, Kringkastingsorkesteret, og spelar jamnleg på internasjonale konsertscenar og festivalar for folkemusikk, jazz, klassisk og samtidsmusikk. Med musikken «Slåttepiano» har ho skapt si eiga form for folkemusikalsk piano-musikk. «Slåttepiano II» vann prisen Årets Verk 2022 frå Norsk Komponistforening. Ingrid Breie Nyhus gjesta førre gong Hardanger Musikkfest i 2017.



## KOUAME SEREBA

Multi-instrumentalist og vokalist Kouame Sereba har vakse opp i Elfenbenskysten i Vest-Afrika. Han syng og trakterar fleire instrument som djembe (afrikansk tromme), dodo (munnboge), og kalimba (tommelpiano). I tillegg til soloprojekt, samarbeider han med musikarar i mange ulike sjangrar som folkemusikk, samtidsmusikk, klassisk og jazz, samt moderne afrikansk musikk. Prosjektet «Frå Senegal til Setesdal» frå 1997, eit møte mellom norsk og vestafrikansk folkemusikk, der han samarbeidde med Kirsten Bråten Berg og Bjørgulv Straume frå Setesdal og avdøde Solo Cissokho frå Senegal, vart akta som eit banebrytande album. Kouame er også ein av Noreg sine fremre artistar for born og unge, og har spelt tusenvis av konsertar for born i skule- og barnehagealder. Han er ein formidlar av rang og i møte med born har han ei sjeldan evne til å engasjera. Kouame Sereba gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

## MARI ERIKSMOEN

Frå ho avslutta sine studier ved Operaakademiet i København i 2010, har Mari Eriksmoen hatt det mange aktar for å vera ein kometkarriere. Karrieren nådde eit viktig høgdepunkt då ho debuterte ved Teatro alla Scala i Milano i juni 2013, som Waldvogel i Wagners Siegfried. Nyleg vart ho kåra til ein av dei største, norske operasongarane gjennom tidene. Eriksmoen debuterte ved Den Norske Opera & Ballett allereie som 23-åring i rolla som Adele i Flaggermusen. Same stad har ho også sunge rolla som Olympia i Hoffmanns eventyr, Sophie i Rosenkavaleren og hausta stor suksess som Pamina i Trylleflyten. Hennar store internasjonale gjennombrøt kom då ho på kort varsel overtok rolla som Zerbinetta i Strauss' Ariadne auf Naxos i Wien for verdstjerna Diana Damrau. Mari Eriksmoen gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

## OLA KVERNBERG

Ola Kvernberg er ein norsk fiolinist, multi-instrumentalist og komponist. Han byrja å spela klassisk fiolin allereie som seksåring og har røter i folkemusikken. Han vann tredjepris i ein stor klassisk fiolinkonkurranse i Italia då han var 14 år gamal. To år seinare «oppdaga» han jazzen, og Kvernberg vart på kort tid sentral i den unge delen av jazzmiljøet i Molde. I nasjonal samanheng slo han gjennom i forbindelse med Djangofestivalen i Oslo vinteren 2000. Dette resulterte i albumet Hot Club de Norvège Presenting Ola Kvernberg & Jimmy Rosenberg. Med sitt «Steamdome»-prosjekt har Kvernberg gjennom to album og euforiske konsertar for alvor vist kva for ein komponist han også er. August 2023 vert tredje og førebels siste del av «Steamdome»-universet sleppt, og det vert ei urframføring utan hemningar – i eit prosjekt som vert endå større, mektigare og tøffare enn tidlegare. Ola Kvernberg gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

## OWEN WEAVER

Owen Weaver er frå USA, men har på kort tid blitt ein veletablert kunstnar i Bergen og omegn. Hans virtuose framføring på alt frå klinkekuler til trommesett, har markert han som ei allsidig perkusjonist og eit friskt pust på samtidsscena. Owen Weaver jobbar blant anna i BIT20 Ensemble i Bergen som spesialiserer seg på nyskriven musikk for sinfonietta-besetning. Gjennom sine deltakarprosjekt er BIT20 Ensemble sitt mål å tilretteleggja for samspel og samskaping, der kreativ nyfikenheit ligg til grunn for jakta på det ukjente. I 2015 byrja utviklinga av ensemblet sin eigen komposisjonsapp, BITWaves, der det på ein enkel måte vert tilrettelagt for eiga musikkskaping. Under årets Hardanger Musikkfest har musikantar frå Ullensvang skulemusikklag og elevar ved Kinsarvik Skule utforska digital komposisjon med BITWaves. Owen Weaver gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

### **SIGURD SVERDRUP SANDMO**

Sigurd Sverdrup Sandmo har eit stort interessefelt og brei bakgrunn som formidlar og leiar i museums-, musikk- og kunstfeltet. Sandmo vart tilsett som direktør på Lepramuseet St. Jørgens Hospital i 1998. Gjennom faglege formidlingsprosjekt og nyskapande kunstnarsamarbeid fekk han fleire gonger det gløymde leprahospitalet til det nasjonale mediebiletet. Etter mange år med formidlings- og utstillingsarbeid ved dei kulturhistoriske musea i Bergen, vart Sandmo i 2013 tilsett som direktør for dei tre komponistheimane under KODE – Troidhaugen, Lysøen og Siljustøl – og hadde ein svært synleg plass i det norske musikkfeltet. Frå 2019 til 2021 var han sjef for Dei kongelegge samlingar, der han hadde ansvar for forvaltning og formidling av Kongehuset si kunst- og kulturarv. Sidan november 2021 har han vore direktør for KORO, staten sin fagetat for kunst i offentleg rom. Sigurd Sverdrup Sandmo gjestar Hardanger Musikkfest for andre gong.

### **SMÅ GRÅ**

Små Grå er ei spektakulær vokalgruppe etablert i 2008, som består av Benedikte Kruse, Nina Mortvedt og Mai Elise Solberg. Sidan deira fyrste store produksjon «Kaninkostymet og andre historier fra artens oppstandelse» i Oslo i 2009, har ensemblet samarbeida med komponistar og koreografar som Ørjan Matre, Sidsel Endresen, Bjørn Kruse, Håkon Thelin, Lisa Dillan og Kim Hiorthøy. Våren 2021 fullførte ensemblet Masterstudiet i utøvande improvisasjon ved Norges musikkhøyskole. På andre arenaer jobbar songarane i prosjekt som Band of Gold (Mortvedt), Pitsj og Plutselig Barneteater (Kruse,) og Ontz, Hanne Hukkelberg og ME&I (Solberg). Små Grå gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.

### **STIAN CARSTENSEN**

Stian Carstensen er ein av verdas fremre multi-instrumentalar. Han trakterar bl.a. trekkspel, gitar, banjo, sekkepipe, bulgarsk fløyte, pedal steel gitar, fiolin og leirgjøk. Stian Carstensen er kanskje mest kjend frå bandet Farmers Market, men har også markert seg som soloartist, solist og konferansier. Repertoaret består av ein miks av heimelaga og importerte musikalske element med hovudvekt på jazz, balkansk folkemusikk, bluegrass, country og klassisk musikk. Han går heller ikkje av vegen for å hamra saman humoristiske viser – gjerne på Eidsvollsdialekt, og praktiserer improvisert verbalhumor av ypperste merke på scena. Musikalsk brådikting over forslag frå publikum er eit varemerke. Stian Carstensen gjestar Hardanger Musikkfest for tredje gong.

### **STRUSSHAMN SKOLES MUSIKKLAG**

Strusshamn skoles musikklag var det fyrste barnekorpsset på Askøy og vart stifta 1. februar 1950. Korpsset som fekk namnet Strusshamn Guttekorps, vart starta på initiativ frå medlemmer i Strusshamn Musikkforening. I 1964 fekk korpsset namnet Strusshamn skoles musikklag. Korpsset er eit Janitsjarkorps og har eigen drilltropp. Hovudkorpsset tel i dag 26 medlemmer i alderen 11–18 år. Dirigent er Jann Werner Webermann.

### **THERESE BIRKELUND ULVO**

Therese Birkelund Ulvo har vore involvert i Hardanger Musikkfest i ulike rollar sidan 1999. Ulvo har som komponist utmerka seg i dei større formata, og er ei av få norske komponistar i sin generasjon som jamnleg får framført egne verk hjå dei store norske orkestra. Musikken er ofte inspirert av andre kunstfelt, som film, tekst og lydkunst. Ho har eit nært forhold til norsk tradisjonsmusikk, der ein kan finna både det mikrotonale, det rapsodiske og opne former. Musikken hennar vert mykje framført i inn- og utland. I tillegg til virket som komponist har ho mange verv og rollar i kulturlivet. I

2019 var Ulvo festivalsjef for Nordic Music Days i Bodø. Therese Birkelund Ulvo har vore kunstnarisk leiar i Hardanger Musikkfest sidan 2013, og 2023 er hennar fyrste festival åleine ved roret.

### ULLENSVANG LEIKARRING

Ullensvang leikarring starta opp i 2014. Per i dag er det 20 born i leikarringen frå 1.–7. klasse. Dei øver på ulike folkedansar, samt har og mykje leik og morro til musikk på danseøvingane. Leikarringen er med og dansar på 17. mai og på den årlege basaren til Ullensvang skulemusikklag. Ved oppstart i 2014 var Per Nordnes med som instruktør saman med Tone Ekkje. No er det Tone Ekkje og Kjersti Lund Midtun som er danseinstruktørar. Med seg som fast speledame har dei Anita Solheim Bråvoll på toradar.

### ULLENSVANG SKULEMUSIKKLAG

Ullensvang skulemusikklag er eit tradisjonsrikt janitsjarkorps som vart skipa i 1925. Korpset rekrutterer born og unge frå austsida i gamle Ullensvang herad, og har i dag medlemmer frå Sekse i sør til Bu i nord. I dag har korpset 21 medlemmer i alderen 11–17 år. Dirigent Ragnhild Opedal Tveit har sjølv spelt i korpset, før ho utdanna seg til muskar/pianist. I 2016 flytta Ragnhild tilbake til Lofthus og har sidan 2018 leia Ullensvang skulemusikklag med ei stødig hand.

### UNNI LØVLID

«Ein totalt grenselaus songar som er i stand til å setta si farge på kva det skal vere!» Unni Løvlid frå Hornindal er fyrsteamanuensis i folkesong ved Norges musikkhøgskole, og leiar av folkemusikkstudiet. Ho har gjeve ut fleire soloalbum som *So ro liten tull*, *VITA*, *RITE*, *LUX* og *HYMN*. Unni er kjend for å gå inn i eit breidt spekter av kunstnariske samarbeid, gjerne mot samtidsmusikk, men kjernen er alltid folkemusikken. Siste åra har ho samarbeidd mykje med Marianne Boudouin Lie, der dei saman utforskar ulik tonalitet, og haldning inn til tonalitet frå eit musikarperspektiv. På Hardanger

Musikkfest vil me mellom anna få oppleva ho i samspel med UNAMNA, på skulekonsertar og i seine timar på festivalpuben. Unni Løvlid gjesta førre gong Hardanger Musikkfest i 2014.

## YRRY

YrrY kombinerar to av dei eldste måtane å laga musikk på – stemma og perkusjon – på nye og overraskende måtar. Den bergensbaserte trioen består av Mari Garcés, Håkon Skjæret og Owen Weaver, og utforskar akustikk, elektronikk og fysiske moglegheiter i improvisert og nyskriven musikk. I anledning Borealis Ung Komponist er trioen gjort om til ein kvartett ved å slå seg saman med cellist Carmen Bóveda. Vokalist Mari Garcés utforskar spenningsfeltet mellom klassisk partiturmusikk og fri improvisasjon, med fokus på stemma si moglegheit til å uttrykkja kjensler og identitet. Perkusjonistene Håkon Skjæret og Owen Weaver deler ein lidenskap for ny musikk og uvanlege instrument, i tillegg til å vera kollegaer i BIT20 Ensemble som utøvarar og formidlalar. Carmen Bóveda er cellist og starta i 2015 strykekvartetten Rosella. Hun har også spelt og samarbeidd med fleire kjente artistar, som blant anna Aurora, Gabrielle og DePresno. YrrY gjestar Hardanger Musikkfest for fyrste gong.







# Mat og drikke

## HOTEL ULLENSVANG – RESTAURANT ULLENSVANG

Restaurant Ullensvang byr på smaksrike opplevingar med sesongens ingrediensar. Du finn restauranten på Hotel Ullensvang, inngang via hotellet sin resepsjon. Det er ope for lunsj mellom kl. 13:00–16:00 og middag frå kl. 18:00–21:00.

For bordbestilling, ta kontakt på 53 67 00 00.

Det er bar i Hardangerhallen under konsertane, med sal av drikke og snacks. Lobbybaren og/eller hovudbaren er også open.

## ULLENSVANG GJESTEHEIM

Amm og Erlend på Ullensvang gjesteheim byr på både tradisjonell Hardangermeny og asiatiske rettar – like ved Ullensvang kyrkje.

Opningstider:

Tysdag–fredag kl. 18:00–21:00

Laurdag kl. 16:00–21:00

Sundag kl. 14:00–20:00

## FLØY BAKERI

På Fløy er dei opptekne av å lage ekte bakevarer laga frå botnen av – og det kan du kjenna på smaken. Fredag 1. september kl. 11:15 er Fløy Bakeri arena for konserten *Musikalsk brunsj*.

Opningstider elles under festivalen er:

Torsdag og fredag kl. 10:00–16:00

Laurdag kl. 9:00–16:00

Sundag kl. 10:00–16:00

## LOFTHUS EKSPEDISJON

Ekspedisjonen er ein populær møtestad midt i Lofthus sentrum. Dei formidlar kulturhistorie og tilbyr lokale produkt som sider



frå Hardanger, eplejuice og øl. Lofthus Ekspedisjon er arena for *Festivalkviss* fredag 1. september. Torsdag og laurdag står dei for baren på Krossvoll.

### OPEDALSTUNET

Opedalstunet – gard og sideri har nyopna lokaler i løa si, og har under festivalen ope for servering av enkel mat av det søtare slaget, samt dråpar i glaset. Her opplev du også utstillinga *Fjorden* til årets festivalkunstnar Elisabeth Emmerhoff.

Opningstid fredag til søndag kl. 11:00–18:00.

Torsdag 31. august kl. 16:00 er Opedalstunet arena for arrangementet *Føreleik og vernissage*.

### KOMPAEN HARDANGER

Kompaen ligg like ved Hotel Ullensvang. Dei tilbyr lunsj og middag frå ein variert meny. Her kan du også kjøpa ost og spekemat, tapasfat, lokal prislønna sider og delikatesser.

### GLØYP SPISERI I KINSARVIK

Gløyp Spiseri ligg midt i Kinsarvik og her står gode og lokale råvarer i fokus. Fredag 1. september kl. 08:00 er Gløyp arena for konserten *Morgontonar*. Opningstider ellers 12:00–21:00. Sjå Gløyp si side på Facebook for evt. øvrige tilbod under festivalen.

### LOFTHUS SIDERI

Lofthus sideri er fire nabobruk som i lag freistar å laga god eplejuice og sider. I deira lokale på Eidnes vert det *Sidersmaking med musikalsk fylgje* laurdag 2. september kl. 17:15.

Gardsutsalet er ope måndag til fredag kl. 8:00–20:00 og laurdag kl. 8:00–18:00. Sundag stengt. Sjå sider.no og Lofthus sideri sine sosiale medier for evt. øvrige tilbod under festivalen.

### ALVAVOLL FRUKT- OG SIDERGARD

Rett ovanfor Lofthus Sentrum driv Harald og Lisa Alvavoll frukt- og sidergard. Gardsutsalet er ope mellom kl. 10:00 og 18:00 måndag til laurdag. Sundag stengt. Sjå alvavoll.no og sosiale medier for evt. øvrige tilbod under festivalen.

### TASTE HARDANGER – FRUKT- OG SIDEROPPLEVINGAR

Hardanger er Noregs episenter for frukt- og siderproduksjon. Ullensvang fruktlager på Lofthus har ope fruktutsal på kvardagar. Oversikt over alle sideropplevingar og dei 24 ulike gardsutsala i Hardanger finn du på tastehardanger.com. Opningstider varierer mellom gardane. Siderprodusentar på Lofthus er Lofthus sideri, Lofthus Ekspedisjon, Alvavoll frukt- og sidergard, Opedalstunet, Helleland gard og Lie gard. Hardangergutane og Hardangerbonden ligg ein kort køyretur frå Lofthus retning Odda.



**HONNING**  
fra  
egen bigård  
Et rent naturprodukt

# Transport

## SHUTTLEBUS HARDANGER

Shuttlebus Hardanger har daglege avgangar mellom Lofthus og Kinsarvik. Festivalavgangane vert annonsert på [hardangermusikkfest.no](http://hardangermusikkfest.no) og på facebook/instagram. Førehandbooking på tlf. 911 74 349. Pris kr 100 pr veg (kr 150 etter midnatt).

## LOKALBUSS (SKYSS)






Alle rutetider for lokalbuss er på [skyss.no](http://skyss.no). Det er tre stoppestader på Lofthus: ved Ullensvang kyrkje, i sentrum og ved Hotel Ullensvang.

## AURORA OF THE FJORDS - SIDERBÅTEN

*(Eidfjord – Ulvik – Lofthus – Aga – Nå – Tyssedal – Odda)*

Opplev Hardangerfjorden sjøvegen. Aurora of the Fjords går i ordinær rute under årets festival. Om bord tilbys lokale sidrar og matserving. Billettar kan kjøpast på [tastehardanger.com](http://tastehardanger.com) eller [thefjords.com](http://thefjords.com)

### Rutetabell:

|                 |   |   |   |       |   |       |
|-----------------|---|---|---|-------|---|-------|
| <b>Eidfjord</b> | 09:30   |   |   |       |   | 20:30 |
| <b>Ulvik</b>    | 10:10   |  |  |       |   | 19:50 |
| <b>Lofthus</b>  | 11:15   | 14:25   | 14:25   | 15:45 | 15:45   | 18:45 |
| <b>Aga</b>      | 11:30   | 14:10   | 14:40   | 15:30 | 16:00   | 18:35 |
| <b>Nå</b>       | 11:55   | 13:45   | 15:05   | 15:05 | 16:25   | 18:10 |
| <b>Tyssedal</b> | 12:25   | 13:15   |  |       | 16:55   | 17:40 |
| <b>Odda</b>     | 12:45   | 12:55   |   |       | 17:15   | 17:20 |
|                 |  |   |   |       |  |       |



## NORLED - BÅT

*(Norheimsund - Herand - Utne - Lofthus - Kinsarvik - Ulvik - Eidfjord)*

Norled-båten knyt saman heile Hardanger med daglege avgangar.

Billettar på [booking.norled.no](http://booking.norled.no)

### Tider:

Tur: Norheimsund kl. 09:00, Herand kl. 09:23, Utne kl. 09:55, Lofthus kl. 10:15, Kinsarvik kl. 10:33, Ulvik kl. 11:15 og Eidfjord kl. 11:45.

Retur: Eidfjord kl. 15:25, Ulvik kl. 16:00, Kinsarvik kl. 16:40, Lofthus kl. 17:00, Utne kl. 17:20, Herand kl. 17:52 og Norheimsund kl. 18:15.

Kombiner gjerne turen med buss frå Bergen ([skyss.no](http://skyss.no)):

Bergen busstasjon kl. 07:25, ankomst Norheimsund kl. 08:50.

Retur frå Norheimsund kl. 19:00, ankomst Bergen kl. 20:25.



# Frendar

FRENDANE er dei lokale heltane våre. Me er heilt avhengige av dei for å få gjennomført festivalen på ein god måte. Me har konsertfrendar, billettfrendar, artistfrendar, transportfrendar, kakefrendar og riggefrendar. Alle som ein er viktige bidragsytarar for å få det heile til. Ein kan bidra nokre timar med enkle oppgåver eller vera tilgjengeleg under heile festivalen. Ein kan vera frende uansett alder; frå skulelev til pensjonist.

Vil du verta ein av våre frendar? Eller kjenner du nokon andre potensielle frendar? Ta kontakt! Våre frendar kjem nært på musikken, får eigne eksklusive tilbod om felleskap og artistmøte. Kontakt frendesjef Gisle Hamstad Haukelidsæter: [mechagisle@gmail.com](mailto:mechagisle@gmail.com)



## MØT FRENDE MARGIT KVALVIK:

**Alder:** 28 år

**Yrke:** utdanna innan økonomi og innovasjon

**Bur:** Oslo / Lofthus

**Frende sidan:** 2016

### 1. Kva arbeidsoppgåver har du som frende?

Mi viktigaste oppgåve er å passe på at aktørane har ein kjekk festival! Det vil seie å hente notar, finne stolar eller gje dei ei øl når det trengst.

### 2. Korleis opplever du festivaldagane?

Hektiske. Morosame. Mange opplevingar. Nye venskap. Gamle venskap.

### 3. Kva gler du deg mest til ved festivalen?

Eg gler meg aller mest til å vera i festivalbobla. Stå opp tidleg, leggja seg seint. Og musikken i mellom.

### 4. Har du eit personleg musikalsk høgdepunkt frå alle desse åra?

Det er mange høgdepunkt! Men eg må faktisk framheva året 2020: festival + pandemi er kanskje ikkje ein god kombo. Likevel klarte Barokksolistane å gje oss ein heilt unik kveld på Krossvoll. Det var magisk!

## PARTNARAR



### Hardanger Musikkfest takkar desse sponsorane:

Offentlege sponsorar:



Støtta av Kulturrådet  
Norsk kulturfond

MUSIC NORWAY



Isklar  
Ullensvang Gjestehjem  
Kraftmuseet  
Hardanger og Voss museum  
Fløy bakeri  
Gløyp

Lofthus Ekspedisjon  
Opedalstunet  
Skrivargarden  
Lofthus sideri  
Alvavoll frukt og sidergard  
Ullensvang kyrkjelege fellesråd

## ORGANISASJON

### **Kunstarisk leiar:**

Therese Birkelund Ulvo

### **Dagleg leiar:**

Anna Gursli Langesæter

### **Produksjonsleiar:**

Eirik Tonnem

### **Produsent:**

Nora Dahl Nilsen

### **SoMe:**

Åslaug K. Aarhus

### **Festivalfotografar:**

Knut Utler

Elisabeth Emmerhoff

### **Filmteam:**

Bråkmakar

### **Rekneskap:**

Kari Lutro

### **Styret:**

Ole Hope, Bergen

Anna Hereid, Oslo

Alf Magnus Reistad, Oslo

Turid Bådsvik Hauso, Odde

Laila Melkevoll, Bergen

Roald Aga Haug, Odde

### **Programbok:**

Redaktør:

Therese Birkelund Ulvo

Språkvask:

Anna Gursli Langesæter

Design:

Agnethe Fagerli, Frø design

### **Frendesjef:**

Gisle Hamstad Haukelisæter

# 2024: SAMHALD

**HARDANGER MUSIKKFEST 2024 FINN STAD 29. AUGUST TIL  
1. SEPTEMBER, OG TEMAET ER SAMHALD.**

Samhald og samspel føregår overalt. Mellom musikarar, skodespelarar, fotballspelarar eller i eit festivalapparat. Me finn det i naturen, der det eine gjev næring til det andre. Alt i naturen heng saman; planter, insekt og dyr er heilt avhengige av kvarandre. Det at fleire krefter og faktorar verkar saman, er ei kjelde til å gjera ting større, betre og viktigare. I kulturen og samfunnet elles er det mykje fokus på enkeltpersonar og spydspissar. Me treng dei, men er det ikkje når me fører ulike krefter saman at magien oppstår? Festivalen i 2024 vil fokusera på samspel og det å halda saman. Venskap og samhald – i gode tider og vanskelege tider. Det å spela ilag er mykje av drivkrafta for dei musikarane me har invitert.

Frå samhald og felleskap kjem varme og inderlege kjensler for nokon eller noko. Opplevinga av å bidra er eit grunnleggjande behov i oss. Me kan ha kjærleik og engasjement for eit menneske, for idrett, for heimlassen eller for Hardanger Musikkfest. Musikken er full av djupe kjensler og sanseleg kjærleik, og musikarar har ei levande, glødande interesse for det dei held på med. Andre har kjærleik til bøker, eller kjærleik til fjellet. Og alle er me på jakt etter vår livs store kjærleik eller lidenskap. Ulykkeleg kjærleik og kjærleik som ikkje vert gjengjeldt finn me også i stort monn i musikken.

Ein annan faktor som er viktig for samhaldet er tillit og tiltru. For å driva samspel må musikarar ha stor fortrulegheit med kvarandre. Utgangspunktet er å vera unike og ulike, samtidig som ein har noko sams. Å sameksistera og laga eit samband i ei delt stund, krev at

ein er raus og har tiltru. Samkjensle og samarbeid til felles beste, er sterke krefter både i musikken og i samfunnet generelt. Krafta av å kjenna fellesskap i tru og idear og å leva i fellesskap med andre, gjev framdrift og overskot. Det å gjera og løysa noko i fellesskap er sjøve konseptet festival. I alle fall for Hardanger Musikkfest.

Å oppleva noko i lag skapar band og venskap på tvers av opplagte strukturar. Nokon gonger skapast venskap for livet. Alt vert større, når me er i lag. Gjennom ei delt festivaloppleving høyrer me uskilleleg i hop og dyrkar nærveret – og SAMHALD.



FOTO: ELISABETH EMMERHOFF



# Billetter

Alle billetter finn du på [ticketco.no](https://www.ticketco.no)

- Enkeltbilletter
- Billettpakkar
- Festivalpass



---

## Alternativt kan ein kjøpa billetter via

- Billettkontor på Krossvoll frå onsdag 30. august.
- [billett@hardangermusikkfest.no](mailto:billett@hardangermusikkfest.no)
- Tlf: 958 90 237

### Kontakt:

Dagleg leiar

Anna Gursli Langesæter

[post@hardangermusikkfest.no](mailto:post@hardangermusikkfest.no)

Tlf: 958 90 237

[hardangermusikkfest.no](https://www.hardangermusikkfest.no)

Fylg oss gjerne på:

 [facebook.com/HardangerMusikk](https://www.facebook.com/HardangerMusikk)

 [Hardanger\\_Musikkfest](https://www.instagram.com/Hardanger_Musikkfest)



